Eigedomsavdelinga har eit omfattande ansvar for internkontroll knytt til kommunal bygningsmasse. Dette ansvaret omfattar heile vårt ansvarsområde, men er særleg omfattande for Prosjektgruppa og seksjon Byggdrift. Prosjektgruppa må utarbeide SHA-plan for samtlege tiltak som skal gjennomførast, herunder risikovurdere tiltaket lenge før det er finansiert, medan seksjon Byggdrift har eit tungt ansvar for internkontroll knytt til fagområda Basseng, Brann, Elektro, Heis og Leikeplass - mellom anna.

Eigedomsleiar har i fleire år argumentert internt for at internkontrollansvaret for seksjon Byggdrift skal gjennomførast og dokumenterast i form av ein driftsplan. Driftsplanen inneber at det vert gjennomført regelmessig tilsyn i

kommunale bygg etter ein 14-dagars syklus. Omfanget av internkontrollen vil variere frå besøk til besøk, avhengig av årstid og kva krav det einkilde fagområde stiller til internkontroll. All internkontroll vert registrert og dokumentert som aktivitetar i Famac. Avvik som vert avdekket under tilsynet og avvik som er innmeldt på førehand skal søkast lukkast under tilsynsbesøket.

Ovannemnde organisering er naudsynt for å kunne fylgje dei krav som vert stilt frå tilsynsmyndigheiter mm. samt for å kunne gjennomføre førebyggjande tilsyn ved kommunale bygg. Det bør vere eit mål for Herøy kommune å avdekke avvik så tidleg som råd og - eksempelvis - før vatnet renn gjennom taket.

Gjennomføringa av planen er og har vore utfordrande, mellom anna fordi seksjon Byggdrift er underbemanna, har for stort sjukefråvær og for mange arbeidsoppgåver. Til samanlikning viser vi til at personell med tilsvarende arbeidsoppgåver i Ulstein kommunale eigedomsselskap AS har ansvar for omlag 8 000 m<sup>2</sup> BTA kvar medan ein i seksjon Byggdrift har ei fordeling pr. tilsett på omlag 11 900 m<sup>2</sup> BTA. Det geografiske ansvarsområdet er også større for dei tilsette i Herøy.

Vi har den seinare tid fått pålegg frå offentlege tilsynsmyndigheiter om å iverksette internkontroll av elektriske anlegg. Tilsvarende pålegg har vi fått innanfor andre fagområde, og då særleg brann. Difor har dette høgste prioritet internt og bør vere eit naudsynt grunnlag for fylgjande driftstiltak:

Ny 100 % fast stilling som byggdriftar

#### Kommunale bygg og levetid:

Eigdomsavdelinga har kartlagt levetida for kommunens bygningsmasse generelt, sjå vedlegg 1 til budsjettkommentaren.

Levetida for svært mange bygg overskrider med påfylgjande auka risiko for samanbrot av einkilde bygningsdelar som resultat. Likeins må vi påpeike at bygg som i utgangspunktet ikkje har overskrider levetida også er prega av dårleg kvalitet. Dette skuldast dårleg kvalitet ved utbygging og for lita budsjettavsetning til planlagt vedlikehald. For eigdomsavdelinga inneber ovannemnde at risikoen for uføresette hendingar aukar. Uføresette hendingar stjeler tid frå alt som er planlagt og medfører stadig større kostnader for avdelinga. Avdelingsbudsjettet for dette har vore på 1 mill kroner sidan 2002 og har i fleire år vorte overskrede. Difor bør fylgjande driftstiltak akseptast:

Auka løyving til løpande byggdrift.

#### Auka løyving til rehabilitering av utleigebustadar:

Eigdomsavdelinga har i sitt budsjett avsett kr. 500 000 til rehabilitering av utleigebustadar. Midlane vart i si tid henta frå budsjettet for planlagt vedlikehald, som vart redusert tilsvarende.

Bakgrunnen for ovanenmnde er at kommunale utleigebustadar primært kan rehabiliterast ved leigetakaraskifte. Dette er difor vanskeleg å planlegge tidspunkt for rehabilitering. Gjennom ei generell avsetning til slike tiltak kan vi derimot gjennomføre naudsynte tiltak ved leigetakaraskifte.

Kommunale bustadar er utsett for stor belastning, mellom anna fordi den einskilde leigetakar har kortare butid enn før og fordi buevna generelt er lågare enn gjennomsnittet. Vi ber difor om auka løyving til dette for å sikre at kommunale bustadar vert rehabilitert på ein måte som reduserer vedlikehaldsbehovet i framtida.

Auka løyving til klargjering av utleigebustadar.

#### Planlagt vedlikehald:

Planlagt vedlikehald omfattar bygningsmessige tiltak som er naudsynte for å oppretthalde gjeldande kvalitetsnivå eller for å skifte ut bygningsdelar basert på teknisk levetid.

Vedlikehaldsbudsjettet i Herøy kommune har dei siste åra blitt stadig redusert på grunn av lønsutviklinga, auka byggekostnadar og andre forhold som har gjort det naudsynt å redusere budsjettet for å sikre andre forhold i avdelinga. Budsjettet bør vere på minimum kr. 100 pr. m2 BTA bygningsmasse for å oppretthale vedlikehaldet på eit forsvarleg nivå og for å hindre ytterlegare negativt vedlikehaldsetterslep. Basert på ei samla bygningsmasse på 64 000 m2 BTA er budsjettet i dag på omlag 46 kr. pr. m2 BTA.

Auka løyving til planlagt vedlikehald.

#### Bassenget ved Stokksund skule:

Bassenget ved Stokksund skule er i dårleg forfatning, både bygningsmessig og teknisk. Eigedomsavdelinga legg til grunn at bassenget kan driftast eit år til, før det må stengast for rehabilitering.

Drift av bassenget er arbeidskrevjande for eigedomsavdelinga då det krev dagleg tilsyn, også laurdag og søndag.

#### Mindre investeringar:

Dei krav som vert stilt til offentleg anskaffelse og sikkerheit, helse og arbeidsmiljø, inneber at mindre investeringstiltak kan vere like krevjande å gjennomføre som store prosjekt. I tillegg kan dei verte meir kostnadskrevjande for kommunen på lang sikt, då ein ikkje nyttar ressursane godt nok.

## 5. Forslag til endringar og nye tiltak – samla vurdering

Sektor for stab tek inn over seg dei økonomiske utfordringar kommunen står ovanfor i 2019 og framover. Sektoren har stetta kravet til kutt i driftskostandane i tråd med kommunestyrevedtak. Dette vil sektoren halde seg lojalt til. Likevel er det viktig å synleggjere dei utfordringane sparetiltaka vil kunne gje, jf. punkt 4.

Avdelingane har i sine budsjettkommentarar til kommunalsjefen kome med ei rekkje kostnadsaukane driftstiltak, jf. det som er skrive under punkt 4.

Det er kommunalsjef for stab si vurdering at den økonomiske situasjonen i kommunen ikkje gjev rom for slike tiltak. Kommunalsjef for stab er av den oppfatning at ny kostnadsaukane tiltak må takast innanfor gjeldande budsjetttramme i den einsskilde sektor/avdeling/seksjon.

## 6. Kommentrar til drift og investering – særskilt IKT

Auka overføringar til SSIKT gjer at samla IKT-kostandar i Herøy kommune aukar med mellom 800 000 - 1 000 000 millionar kroner. Det er styret for SSIKT som vedtek budsjettet for SSIKT.

Kommunalsjef stab har fått tilbakemelding frå dagleg leiar SSIKT om at auken i SSIKT-budsjettet er særskilt knytt til endra fordelingsnøkkel knytt til folketal. I 2018 var den 50% og i 2019 vert den auka til 60%. Det er også auka lisenskostnadar, bytte av serverar og oppgradering av teknisk utstyr.

Ein budsjettkompliserande faktor er at kostnadar som tildegare vart budsjetterte på lokalt IKT-budsjett no er overført til SSIKT, slik som Microsoft lisensar og IKT-utstyr til IKT-tilsette. Dette utgjør kring 500 000,- kroner.


Med helsing

Jan Vidar Dammen- Hjelmeseth  
Kommunalsjef Stab

Kopi:  
Olaus-Jon Kopperstad







## SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

### BUDSJETTKOMMENTAR 2019

#### Ansvar

Kultur: 4011,4012,4015,4021,4031,4032,4033,4041,4051,4061,4062

Utvikling: 5011,5013, 5021,

Anlegg og drift: 5111-5113, 5121-5126,5131 og 5132

Landbruk: 5041

Budsjettpost	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Brutto driftsutgifter (40,50 og 51)	66 203	69 198
Brutto driftsinntekter	-34 344	-35 336
Netto driftsramme	31 857	33 862
Avvik i kr. frå førre budsjettår	1183	2005
Avvik i % frå førre budsjettår		6,29 %

JMM rev.26102018



## Innhald

1 GENERELT .....	3
2 ANSVAR OG OPPGÅVER .....	3
3 UTVIKLINGSMÅL TENESTER.....	4
4 UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR .....	4
5 KONSEKVEN SAR AV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA .....	4
5.1 KONSEKVEN SAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, .....	4
NEDLEGGING AV TENESTER .....	4
6 FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK .....	5
Særskilde kommentar: .....	6
Forslag til driftstiltak som ikkje er lagt inn.....	16
7 KOMMENTARAR TIL DRIFT OG INVESTERING .....	17
Driftstiltak.....	17
Investeringstiltak i 2019 og økonomiplanperioda .....	17
Samla oversikt i økonomiplanperiode: .....	19
8 Bunde fond.....	20
9 Særlege utfordringar i 2019 .....	22


# 1 GENERELT

Sektor for samfunnsutvikling sitt ansvarsområde er mangfaldig og omfatter planlegging, næringsutvikling, byggesaksbehandling, kartverk/oppmåling, grunnnerv, folkehelse, utbygging av anlegg, kommunal teknisk drift, brannvern, landbruk og oppgaver knytt til kulturområder.

# 2 ANSVAR OG OPPGÅVER

Avdelinga har for tida omlag 53 tilsette inklusiv kommunalsjef. I tillegg kjem deltidstillingar i brannvern og kultur. I 2018 vart landbruksavdelinga lagt til sektoren.

På plansida har avdelinga ansvaret for all planlegging i medhald av plan- og bygningslova og avdelinga yter bistand til andre avdelingar ved utarbeiding av sektorovergripande planar. Øvrig saksbehandling som avdelinga har ansvaret for dispensasjonar, delesaker, alle former for byggesaker, oppmåling og utarbeiding av matrikkelbrev for alle nye eigedomar og all utvikling og ajourhald av det kommunale kartverket. Ein stor del av avdelinga er og anleggsprosjekt og kommunalteknisk drift. Brannvern med si beredskap og forebyggande avdeling er ein del sektoren og siste ansvarsområdet i sektoren er landbrukskontoret som yter landbrukstenester til Herøy, Hareid og Ulstein kommuner. Kulturavdelinga samarbeidar med enkeltpersonar, lag og organisasjonar, offentlige einingar og næringsliv for å bidra til gode kulturopplevingar for innbyggjarar og besøkande. Avdelinga driftar fleire kulturarenaer og samarbeider om arrangement på andre sine arenaer. I tillegg forvaltar avdelinga tilskotsmidlar og bidreg med rådgiving og kompetanse innan kulturfeltet. Kulturavdelinga består av: kulturkontor, barne- og ungdomsarbeid, frivilligsentral, kulturhus, idrettshall, folkebibliotek, konserthus og kino.



*Organisasjonskartet for sektor samfunnsutvikling*

### 3 UTVIKLINGSMÅL TENESTER

Utviklingsmål for tenester er satt opp i årsplanen for sektor for samfunnsutvikling.

### 4 UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

Dagens struktur med ny sektor for samfunnsutvikling har naturleg nok medført at ein på nytt må sy organisasjonen saman så effektiv som mulig. Ein har stor tru på at organisasjonen er godt rusta til å møte framtidige utfordringar og ein er opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på.

Det vil framleis vere utfordrande å løyse alle oppgåver avdelinga har med dei ressursane som ligg i budsjettramma. Fleire tenester har utfordringar, men avdelinga er offensiv med omsyn til å sjå nye måter å arbeide på og drive mest mogleg ressurseffektivt.

### 5 KONSEKVEN SAR AV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

Viktige og sentrale element i drift av avdelinga er å sjå forbetringar som gir rom for tenesteutvikling for innbyggjarane og ha fleksible rammer slik at tildelte ressursar vert utnytta best mogleg sett i forhold til dei utfordringar ein har til eikvar tid. Innsparingskrav frå kommunestyret fylgjer ein lojalt opp. Samarbeid med andre kommunar er viktig for mange ulike tenesteområder og kan gi positive verknadar i åra framover.

#### 5.1 KONSEKVEN SAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER

Forventningar og krav frå fleire hald mot tenestetilbod og leveranse utfordrar sektoren. Det vil i tida framover vere heilt naturleg å ha fokus på å omstille, omstrukturere arbeidsområder i samband med naturleg avgang i sektoren. Samarbeid på tvers av kommunegrensene og moglege tenestesamarbeid mellom kommunane, for å få naudsynte effektar med omsyn til økonomi, kvalitet og robuste tenester, må ha fokus.

## 6 FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK

I budsjettforslaget er det teke omsyn til innsparingssaka som vart vedteke tidlegare i K-sak 57/18 den 24.5.2018. Desse innsparingane er lagt inn i budsjettet.

<b>Oppstilling konkrete innsparingsforslag</b>			
<b>Avdeling</b>	<b>Beskrivelse</b>	<b>Sum</b>	<b>Samla sum</b>
<b>Utviklingsavdeling</b>	Kutt Telefonabonnement, 303	10 000 kr	
	Kutt Planinnsyn, lisens, 303	16 000 kr	
	Kutt Fastmerkeregister, 303	5 500 kr	
		31 500 kr	<b>31 500 kr</b>
<b>Anlegg og driftsavdeling</b>	Inntekt Privat brøyting, sjølvkost	60 000 kr	
	Kutt Programvare, lisens	10 000 kr	
		70 000 kr	<b>70 000 kr</b>
<b>Landbruksavdelinga</b>	Kutt stilling	130 000 kr	
	Kutt Porto	10 000 kr	
	Kutt Leasing kopimaskin	10 000 kr	
		150 000 kr	<b>150 000 kr</b>
<b>Kulturavdelinga</b>	Kutt Vedlikehald	30 000 kr	
	Kutt Matrialer til vedlikehald	20 000 kr	
	Kutt Diverse utgifter	30 000 kr	
		80 000 kr	<b>80 000 kr</b>
<b>Brann</b>	Intern overføring frå 5062 til 5061	160 000 kr	

	Inntekt Gebyr unødige alarmer	90 000 kr	
	Inntekt Kursinntekter	10 000 kr	
	Kutt Reduksjon vikar	40 000 kr	
	Kutt Reduksjon brannberedskap, alt 3	741 000 kr*	
		1 041 000 kr	<b>1 041 000 kr</b>
			<b>1 372 500 kr</b>

\*Kan kun rekne halvårsvirkning på denne summen for 2019.

## Særskilde kommentar:

### Brannvern:

#### **Intern overføring frå 5062 til 5061**

Interne overføringer på 310.000 kr (opp 160 000 kr) som skal overførast frå 5062 (feiring) - 338 til 5061 (brann) - 338. Overføringa går til sakshandsaming, oppfølging av feie/tilsynstenesta, kontrollere bekymringsmeldingar og anna brannførebyggjande arbeid i heimar.

Dette er ei sjølvkost-teneste som skal gå i balanse - 0. Overføringa er til å dekke opp reelle kostnader som Herøy brann og redning har med tenesta.

#### **Beredskap**

Ein har store utfordringar med å halde tildelte rammer innanfor ansvarsområde brann, beredskap. I Innsparingssaka i 2018 vart det vist til fleire ulike modellar for framtidig organisering. I handsaminga av saka vart det vedteke å oppretthalde brannstasjon i Myrvåg. Forslaget om å oppretthalde brannstasjonen i si noverande form vart derimot ikkje vedteke (ref kap 9.2 Endringsbehov) .

Rådmannen vurderer det til at sjølv om ein ynskjer å vidareføre brannstasjonen i Myrvåg må ein sjå på moglege innsparingstiltak innafør ansvarsområdet.

I vedlegg 2 til budsjettkommentaren til sektor Samfunnsutvikling ligg alle alternativa som er vurderte. I vedlegget finn ein meir utfyllande informasjon om bakgrunn for tilrådinga, kva som gjeld for dimensjonering av brannvern herunder lovverk og detaljerte kart over utrykningstid.

Rådmannen legg inn ein reduksjon på brannberedskapen jfr.alternativ 3 frå K-sak 57/18:

### **Alt. 3**

Brannberedskap - Beholde Myrvåg stasjon, utan fast vaktberedskap. Myrvåg stasjon vert opprettholdt som depot/reservestyrke utan radioutkalling og beredskapsvaktordning. Hjelpemannskap ved begge stasjonane går ut.

### **Lokal brannordning**

Å ta vekk hjelpemannskap ved Myrvåg bibrannstasjon er i strid med punkt 5.1 i gjeldande og vedteken brannordning (K-sak 34/14) og gjeldande ROS-analyse vedteken i 2013.

### **Nasjonal forskrift**

Ein slik reduksjon i brannberedskapen er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

### **Omfang**

Forslaget inneber at ein har tankbilen stasjonert i Myrvåg og at det vert etablert branndepot m/sjåførar og utkalling via UMS-varsling.

Sjåførar vil ikkje gå i beredskap som kan bety at der ikkje er tilgjengeleg sjåfør ved alarm/utkalling. Ein legg til grunn ein antatt kostnad på 50 timar utrykking pr/år på 4 sjåførar. Det vil ikkje vere same behov for sjåførane med omsyn til øvingar. Ein viser då til "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen seier i § 7-1:

Kommunen skal sørge for at personell i brannvesenet tilfredsstiller de krav til kvalifikasjoner som denne forskrift stiller. Det skal gjennomføres praktiske og teoretiske øvelser med slik hyppighet, omfang og innhold at personellens kompetanse blir vedlikeholdt og utviklet slik at den er tilstrekkelig til at brannvesenet kan løse de oppgaver det kan forventes å bli stilt overfor."

Hjelpemannskap ved begge stasjonane går ut.

### **Innsparing**

Ein vurderer innsparing på om lag 741 000 kr årleg

Samla innsparing alt 2 :                    811 000 kr

Fråtrekk for kostnader, alt 3:   70 000 kr

Detaljar, kostnad alt. 3:

50 timar utrykningar (estimat) – 17 500kr

Sum 17 500 kr x 4 mannskap = 70 000 kr

### **Vurdering:**

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.



## Nye driftstiltak

### Særskilt:

#### **026: Trivselstiltak i krinsane**

Det er lagt inn eit tiltak knytt til trivselstiltak for krinsane. Dette er finansiert ved omprioritering av eksisterande kulturmidlar. Tiltaket er bygd opp etter same «mal» som Ulstein kommune har for sine krinsar. sjå eksempel for retningsliner for tildeling i *vedlegg 3*. Desse retningslinene må sjølvstilt tilpassast Herøy sine behov , men kan danne eit utgangspunkt for vidare diskusjon.

I samband med UNGDATA handsaminga den 22.3.2018 vedtok kommunestyre fleire punkt ein skulle følgje opp i samband med budsjettarbeidet for 2019.

*Kommunestyret ville vurdere muligheita for å få følgjande tiltak inn i budsjettet for 2019:*

1. *Midlar til tilrettelegging for «SFO»/lekseplass på kulturhuset.*
2. *Midlar til auke av hall-kapasiteten (er under arbeid).*
3. *Midlar til tilrettelegging for fleire møteplassar for uorganisert aktivitetar for ungdom.*
4. *Midlar til etablering av mobbeombud / fokus på tiltak mot mobbing*

Pkt 3 i vedtaket kan ein sjå i samanheng med det nye trivselstiltaket som ein føreslår innført.

#### **021: Kommunalt næringsfond**

Signala frå Møre og Romsdal fylkeskommune er at statsbudsjettet er nesten utan virkemiddel til fylkeskommunane så kommunane kan ikkje pårekne å få regionale midlar til sine kommunale næringsfond i 2019.

For budsjettet 2019 må ei derfor gjere eit val om ein skal ha ei kommunalt næringsfond og evt. kva midlar skal nyttast til dette formålet? Kommunen kan ikkje pårekne å få midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Generelt:

### Tiltaksrapport

	2019	2020	2021	2022	✓
50 Utviklingsavdelinga	450 000	450 000	450 000	450 000	✓
025: Fosnavåg Nyskapingspark	100 000	100 000	100 000	100 000	✓
021: Kommunalt næringsfond	150 000	150 000	150 000	150 000	✓
026: Trivselstiltak i krinsane	200 000	200 000	200 000	200 000	✓
51 Anleggs- og driftsavdelinga	725 000	575 000	575 000	575 000	✓
031: Grunnkurs for to personar.	150 000	0	0	0	✓
030: Reasfaltering av vegar	500 000	500 000	500 000	500 000	✓
029: Utskifting av brannkle/utstyr	75 000	75 000	75 000	75 000	✓

Kapittel : 50 Utviklingsavdelinga	
Tiltak	025: Fosnavåg Nyskapingspark
Beskrivelse	Drift av Fosnavåg nyskapingspark kostar ca. 100.000,- eks.mva per år. Dette er reine driftsutgifter som kaffi og te, straum, datakommunikasjon, vatn og avløp. Dette er per i dag kostnader som må dekkast over 5011 sitt eige budsjett.

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Utviklingsavdelinga (5011)				
5011.11000.325.0 Kontormateriell	20 000	20 000	20 000	20 000	80 000
5011.11303.325.0 Datakommunikasjon	30 000	30 000	30 000	30 000	120 000
5011.11800.325.0 Straum	30 000	30 000	30 000	30 000	120 000
5011.12600.325.0 Renhold, vaskeri- og vaktmestertjenester	20 000	20 000	20 000	20 000	80 000

5011.14290.325.0	25 000	25 000	25 000	25 000	100 000
Moms generell kompensasjonsordning					
5011.17290.325.0	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000	-100 000
Kompensasjon mva Driftsrekneskapen					
<b>Sum utgifter</b>	<b>125 000</b>	<b>125 000</b>	<b>125 000</b>	<b>125 000</b>	<b>500 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-25 000</b>	<b>-25 000</b>	<b>-25 000</b>	<b>-25 000</b>	<b>-100 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>400 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>400 000</b>

Tiltak	021: Kommunalt næringsfond
Beskrivelse	<p>Kommunalt næringsfond er ei tilskotsordning der ein nyttar både kommunale og regionale midlar for å gje tilskot til næringsverksemdar i tråd med retningslinene.</p> <p>Kommunale næringsfond skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Støtte frå næringsfondet skal gå til bedrifter og nyetablerarar som bidrar til vekst ved å skape nye arbeidsplasser. Unge, kvinner og innvandrarar skal prioriterast.</p> <p>Praksis i Herøy kommune er at det har blitt overført kr 500.000,- frå RDA-midlane årleg til det kommunale næringsfondet.</p> <p>I 2018 var første året det ikkje vart overført midlar frå RDA-midlane, men i gjengjeld vedtok Møre og Romsdal fylkeskommune at Herøy kommune skulle få kr. 300.000,- dersom kommunen sjølv bidrog med eigenandel på kr. 150.000,-.</p> <p>Herøy kommune innfridde kravet til eigenandel ved dokumentasjon på at vi hadde minimum kr. 150.000,- frå tidlegare overførte RDA-midlar og fekk overført kr. 300.000,- frå Møre og Romsdal fylkeskommune.</p> <p>Signala vi no har fått frå Møre og Romsdal fylkeskommune er at statsbudsjettet er</p>

	<p>nesten utan virkemiddel til fylkeskommunane så kommunane kan ikkje pårekne å få regionale midlar til sine kommunale næringsfond i 2019.</p> <p>Status for Kommunalt næringsfond per oktober 2018 er at det står ca. kr. 110.000,- som kan fordelast etter søknad. Restsummen er løyvd og vi avventar utbetalingsanmodning frå dei som har fått tilskotet.</p> <p>For budsjettet 2019 må ei derfor gjere eit val om ein skal ha ei kommunalt næringsfond og evt. kva midlar skal nyttast til dette formålet? Vi kan ikkje pårekne å få midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune.</p> <p>Kommunalt næringsfond er eit viktig virkemiddel for å særleg gi nystarta verksemder moglegheit til å komme i gang. Vi ser at det er store kostnader ved oppstart av ei verksemd og denne tilskotsordninga er godt motteke og er avgjerande for om dei startar eller ikkje.</p> <p>Ein bør vurdere å nytte midlar frå Havbruksfondet for å finansiere opp tiltaket.</p>
--	--

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Utviklingsavdelinga (5011)				
5011.14700.325.0 Overføringer til andre	150 000	150 000	150 000	150 000	600 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>600 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>600 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>600 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>026: Trivselstiltak i krinsane</b>
Beskrivelse	Ein legg til rette for at krinsar som ikkje er heimehøyrande på Bergsøya kan søkje på

	trivselstiltak. Målet med tiltak er å auke trivsel og bulyst og det kan søkjast på nye tiltak. Det er utarbeidd egne retningslinjer for tildelinga. Finansiering ved omprioritering av kulturmidlar knytt til post disposisjonspost/prosjektmidlar og leikeplasstilskot.
--	--

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Utviklingsavdelinga (5011)				
5011.14700.325.0 Overføringer til andre	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>800 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>800 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>800 000</b>

<b>Kapittel : 51 Anleggs- og driftsavdelinga</b>	
<b>Tiltak</b>	<b>031: Grunnkurs for to personar.</b>
Beskrivelse	To brannmenn i Herøy brann og redning manglar grunnkurs. Dette er obligatorisk utdanning som ein må gjennomføre etter å ha arbeidd 2 år i eige brannvesen. Kostnad pr. grunnkurs er om lag kr. 75.000,- etter kostnad for dei som tok grunnkurs i 2016.

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Brannvern (5061)				
5061.11500.338.0 Kursutgifter	150 000	0	0	0	150 000
5061.14290.338.0 Moms generell kompensasjonsordning	37 500	0	0	0	37 500

5061.17290.338.0	-37 500	0	0	0	-37 500
Kompensasjon mva Driftsrekneskapen					
<b>Sum utgifter</b>	<b>187 500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>187 500</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-37 500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-37 500</b>
<b>Sum netto</b>	<b>150 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>150 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>150 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>150 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>030: Reasfaltering av vegar</b>
Beskrivelse	Stort behov for reasfaltering av kommunale vegar som ikkje kan førast på investering. Ein bør sette av 500 000,- kroner årleg til dette føremålet.

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Vegvedlikehald (5122)				
5122.12301.332.0	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
Kjøp av eksterne vedlikehaldstenester					
5122.14290.332.0	125 000	125 000	125 000	125 000	500 000
Moms generell kompensasjonsordning					
5122.17290.332.0	-125 000	-125 000	-125 000	-125 000	-500 000
Kompensasjon mva Driftsrekneskapen					
<b>Sum utgifter</b>	<b>625 000</b>	<b>625 000</b>	<b>625 000</b>	<b>625 000</b>	<b>2 500 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-125 000</b>	<b>-125 000</b>	<b>-125 000</b>	<b>-125 000</b>	<b>-500 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>2 000 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>2 000 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>029: Utskifting av brannkle/utstyr</b>
Beskrivelse	Det er behov for ein sum til utskifting av brannkle og røykdykkerutstyr. Ein ny branndress m/innerbekledning koster kr. 15.000,- Sum for utskifting årlig kr. 60.000,-

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Brannvern (5061)				
5061.11201.339.0 Arbeidskle	75 000	75 000	75 000	75 000	300 000
5061.14290.339.0 Moms generell kompensasjonsordning	18 750	18 750	18 750	18 750	75 000
5061.17290.339.0 Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-18 750	-18 750	-18 750	-18 750	-75 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>93 750</b>	<b>93 750</b>	<b>93 750</b>	<b>93 750</b>	<b>375 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-18 750</b>	<b>-18 750</b>	<b>-18 750</b>	<b>-18 750</b>	<b>-75 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>300 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>300 000</b>

## Forslag til driftstiltak som ikkje er lagt inn

### Jekta Anna Olava.

Arbeidsgruppa for Anna Olava har etter oppdrag frå eigarstyret ved kystmuseet gjennomført vedlikehald-, rehabilitering- og sertifiseringsarbeid slik at potensialet til jekta i forhold til kommunens oppdrag om å nytte den til kultur, oppleving og reiseliv igjen kan nyttast fullt ut.

Basert på tal frå 2018 er dei faste årlege kostnadane for drift av jekta rekna til kr. 76 450. Dette omfattar både nødvendig vedlikehald og særskilte kostnader knytt til å oppfylle krava til begrensa passasjersertifikat (sertifisering).

Rehabiliteringskostnadane er dekt med hjelp av RDA-tilskot. I tillegg har jektevenene bidrege med vel sju tusen i inntekter frå sal av billetta og varer, samt at jekta har motteke nokre gåver.

Arbeidsgruppa si vurdering er at det ikkje let seg gjere å setje i verk inntektsgivande arbeid i det omfang som er nødvendig for å dekke dei faste årlege kostnadane. Vi ber difor eigarstyret finne løysingar for å dekke desse kostnadane, då dette er ein føresetnad for vidare drift av jekta.

Det ligg føre ein signert avtale mellom Herøy kommune og eigarstyret for Herøy kystmuseum som regulerer m.a sunnmørsjekta Anna Olava. Førespurnad om gi årlege driftskostnadar er i strid med gjeldande avtale frå 2012 og saka må fram for politisk handsaming. Med visning til avtalen vert driftstiltaket ikkje lagt inn som tiltak.

4. Eigarstyret har ansvaret for vedlikehaldet og drifta av eigedomen Herøy gard, med bygningar, jekta "Anna Olava" og samlingane elles. Eigarstyret skal sjå til at alt vert sikra og forvalta i tråd med god museumsetikk.
5. Eigarstyret skal årleg utarbeide årsplan og driftsbudsjett for kystmuseet og rapportere drifta til kommunestyret gjennom rekneskap og årsrapport.
6. Eigarstyret skal årleg utarbeide årsplan og driftsbudsjett for Sunnmørsjekta "Anna Olava" som skal leggest fram for formannskapet innan 1. oktober kvart år. Driftsbudsjettet skal vere innanfor det sjølvfinansierande prinsipp. Det bør opparbeidast ein økonomisk buffer for drifta. Eigarstyret rapportere drifta til kommunestyret gjennom rekneskap og årsrapport.

Utsnitt frå avtalen er gjengitt ovanfor.



## 7 KOMMENTARAR TIL DRIFT OG INVESTERING

### Særskilde føringar til sektoren frå kommunestyret, 24052018:

- Kommunestyret vedtek innsparingstiltaka slik dei går fram av vedlagde notat frå kommunalsjefane.
- Kommunestyret ber om at Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden.
- Kommunestyret ber om at tilbodet om privat brøyting vert oppretthalde. Tenesta skal vere sjølvfinansierande og basert på sjølvkostprinsippet.

### Driftstiltak

Tiltak som er lista opp ovanfor i punkt 6.

### Investeringstiltak i 2019 og økonomiplanperioda

Ubrukte midler frå tidlegare år vert overført til 2019.

### 006: Byutvikling 2019-2022

I samråd med økonomisjef og revisor vert det lagt inn følgjande presisering i budsjettvedtaket .

*Rammefinansiering til byutviklingsprosjektet vert satt av i ordinær budsjettprosess med kommunestyret sitt vedtak i desember kvart år. Formannskapet fungerer som styringsgruppe for Byutviklingsprosjektet og godkjenner oppstart og vedtek ramme for det einskilde prosjekt som vert igongsatt (innanfor tildelt rammefinansiering). Økonomisk avslutning skal gå til til kommunestyret.*

*Byutvikling 2017-2022 er eit viktig tiltak med omsyn til å tilrettelegge for vekst og utvikling av Herøy kommune. Ei sterk, klar og tydeleg satsing på kommunesenteret vil styrkje heile kommunen samla sett. Fosnavåg er prioritert av fylkeskommunen som tettstad og det nære samspelet med næringslivet bidreg til ei god og samfunnstenleg utvikling for å sikre eit*

*berekraftig og utviklende lokalsamfunn. Årlege tildelte midlar til prosjektet skal bidra saman med fylkeskommunale og næringslivsmidlar til å styrkje kommunesenteret gjennom ei rekkje prioriterte tiltak.*

### Endringar frå budsjettprosessen i 2017:

- Tursti Myklebustvatnet og Dragsund bytter plass på lista for realisering
- Gangveg i sentrum lagt inn – NYTT 2019
- Myklebuståsen går ut -ENDRING
- Rundavegen, veg og parkering lagt inn – NYTT 2019
- Oppgradering veg Vikevegen/Vikeskaret lagt inn NYTT 2019, oppfølging av KSAK 109/18- ENDRING
- Toalettbygg i parken lagt inn NYTT 2019 - ENDRING
- Kryssing Fosnavåg hamn, NYTT 2019 –ENDRING
- FV 18 Leine- Voldsund (G/S veg) NYTT 2019
- Nye Kaier på Mjølstadneset – ENDRING flytta til 2020/21.

### Særskilde kommentarar (andre prioriterte tiltak):

*Nr 37 – Flishoggar, for å kunne høge og kviste tre langs kommunal veg. Det vil vere langt meir effektivt å ha ein flishoggar for å kunne flise opp greiner på staden. Må sjåast i samanheng med vidareføring av samarbeidet med NAV og prosjektet «UTSIKTEN»*

*Nr 38 – Traktor Havila stadion, Det er behov for å bytte ut eksisterande traktor, som er i dårleg stand og som difor treng jevnleg vedlikehold.*

*Nr 40 - Stålbørste til hjullastar, stålbørste for å ta groe langs kantstein.*

Ein viser elles til fullstendig investeringsoversikt som ligg som vedlegg til budsjettkommentarane (**vedlegg 1**).

## Samla oversikt i økonomiplanperiode:

### Tiltaksrapport

	2019	2020	2021	2022	✓
Usorterte tiltak	47 565 000	75 965 000	67 250 000	39 000 000	✓
007: Avskjerande grøft på Kvalsund	500 000	0	0	0	✓
013: Bergsøy kunstgrasbane	625 000	3 125 000	0	0	✓
069: Bibliotek - Inventar	125 000	0	0	0	✓
019: Bustadfelt i Stokksund	0	1 250 000	17 500 000	0	✓
006: Byutvikling 2019-2022	6 250 000	6 250 000	6 250 000	6 250 000	✓
018: Bøl/Arhaug bustadfelt	8 125 000	0	0	0	✓
004: Digitalisering av arkiv	215 000	215 000	0	0	✓
037: Flishoggar	625 000	0	0	0	✓
045: FV 18 Leine- Voldsund (G/S veg)	0	12 500 000	0	0	✓
015: Gangveg sentrum(nytt 2019)	750 000	0	0	0	✓
020: Generelt på Mjølstadneset	781 250	0	0	0	✓
008: Grøft for overvatn i Huldalsvegen 2019	375 000	0	0	0	✓
036: Høgdeberedskap	0	3 750 000	0	0	✓
016: Investerings tiltak avlaupsplan	9 375 000	9 375 000	9 375 000	9 375 000	✓
014: Jektenaust, samt utviding p-plass og etablering av bryggekanal i tilknytning til dette 2018	2 500 000	0	0	0	✓
033: Kryssing av Fosnavåg hamn	3 750 000	0	0	0	✓
039: Lastebil	0	3 125 000	0	0	✓
022: Mindre parkeringsplass (HC-prioritet) Frøystad	0	1 250 000	0	0	✓
023: Mindre prosjekt i bustadfelt	937 500	0	0	0	✓
024: Ny Bru til Herøy Gard	375 000	3 750 000	0	0	✓
009: Ny kaihøgde på Almenningskaia	625 000	6 250 000	0	0	✓
034: Ny vaktbil	875 000	0	0	0	✓
026: Nye Kaier på Mjølstadneset 2018	0	1 250 000	25 000 000	0	✓
021: Nytt industriområde på Eggesbønes	1 875 000	6 250 000	6 250 000	6 250 000	✓
070: Nytt industriområde på Eggesbønes 2019 - ekstra løyving	250 000	0	0	0	✓
027: Oppgradering av Grønhaugvegen	0	0	0	1 562 500	✓
028: Oppgradering av veg Kleppeåsen	875 000	0	0	0	✓
029: Oppgradering av veg til Marine sales 2018	0	0	0	937 500	✓
032: Oppgradering av veg Vikevegen (frå Toftestøvegen)-Vikeskaret (nytt 2019)	0	0	0	5 000 000	✓
030: Parkeringsplass og gangveg i Fosnavåg sentrum	2 500 000	0	0	0	✓
031: Rundavegen, veg og parkering (nytt 2019)	0	750 000	1 000 000	0	✓
040: Stålbørste til hjullastar	56 250	0	0	0	✓
035: Tilhengar til kjemikaliedykker utstyr og oveflateredning.	125 000	0	0	0	✓
005: Toalettbygg i parken (nytt 2019)	1 325 000	0	0	0	✓
010: Trafikktryggingstiltak	1 875 000	1 875 000	1 875 000	1 875 000	✓
038: Traktor Havila Stadion	625 000	0	0	0	✓
011: Tursti Myklebustvatnet	0	0	0	1 500 000	✓
012: Turveg Djupvikvatnet	0	3 750 000	0	0	✓
025: Veg Flusund	0	0	0	6 250 000	✓
017: Vidare utbygging av Dragsund bustadfelt.	1 250 000	11 250 000	0	0	✓

Investeringar inkl.mva

## 8 Bunde fond

Sektor for samfunnsutvikling har desse bunde fonda:

NUMMER	TITTEL	KOMMENTAR	PLANLAGT BRUKT
25100474	Viltfondet	Fondet er heimla i forskrift om viltfond.  Inntekter og utgifter til fondet er styrt av forskrifta.	
25101630	Kloakk – Bunde Driftsfond	Sjølvkostfond	Må brukast til å balansere drifta av kommunalt avlaupssystem.
25101635	Bunde Fond Slamavskillarar	Sjølvkostfond	Må brukast til å balansere drifta av private avlaupsanlegg.
25101640	Renovasjon – Bunde Driftsfond	Ubrukte midlar	Innkjøp av utstyr/materiell til renovasjonsløyningar som skal plasserast rundt i kommunen.
25101648	Tiltakspakken	Bruk av restmidlar 2017 50% på Eigedom og 50% på Anlegg og drift	AD har brukt opp desse midlane som for vår del var avsett til asfalt.
25101645	Bunde fond brukerbetaling. Feiing	Fondet er heimla i: «Forskrift om brannforebygging.»  Inntekt og utgift skal gå i balanse over ein tidsperiode.  Det er opp til kommunen å bestemme om ein skal ha diffrensiert eller fast (lik) avgift	Fondet vert brukt til: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kostnad med kjøp av feie/tilsynstjenester frå Ulstein kommune/brannvesen.</li> <li>• Kostnad – internoverføring for eigne administrasjonskostnader på førebyggjande avdeling – brannførebyggjande arbeid.</li> </ul> Inntektene skal <b>berre</b> gå til å dekke kostnaden med tenesten over ein tidsperiode.

<b>25100000</b>	Bibliotek, nynorske lesefrø		Oppbrukt 2018
<b>25100409</b>	Den kulturelle spaserstokken	Tilskot frå fylket. Årleg rapportering på bruk. Alt. tilbakeføring.	Tilskot frå fylket. Årleg rapportering på bruk. Alt. tilbakeføring.
<b>25100410</b>	Kulturminne(bunde)	Tilskot frå Riksantikvaren. Arbeid utsett i år grunna sjukefråvær. Årleg rapportering på bruk. Alt. tilbakeføring.	Planlagt brukt i 2019
<b>25100411</b>	Frivilligplan (bunde)	Restmidlar frå forrige planarbeid.	Nyttast i rullering av plan
<b>25100419</b>	Mat og prat frivilligsentralen	Restmidlar frå aktivitet som tidvis er i drift. Samarbeid med voksenopplæringa i år.	Nyttast i 2019
<b>25100422</b>	Gåve frivilligsentralen		Vert nytta i 2019
25100424	RDA midlar, dansegalla		Ligg føre avtale om nytting av midlane. Alt. tilbakeføring
<b>25100439</b>	Næringsfondet		
<b>25100475</b>	Hjorteviltutvalet(bunde)		
<b>25100521</b>	Natursti fri.omr.Herøy	Usikkert opphav	Planlagt brukt i 2019
<b>25100522</b>	Ti på topp		Løpande
<b>25100523</b>	Tilskot natursti Runde		Planlagt brukt i 2019
<b>25100550</b>	Havbruksfondet		
<b>25101002</b>	Likestillingsanalyse Herøy		
<b>25199261</b>	Kultursekken (bunde)	Tilskot frå fylket. Årleg rapportering på bruk. Alt. tilbakeføring	Tilskot frå fylket. Årleg rapportering på bruk. Alt. tilbakeføring
25200553	Ei gang ei ishavsbygd		Planlagt brukt i 2019

## 9 Særlege utfordringar i 2019

Ny omorganisering, nye strukturar eksternt og internt har i 2018 naturleg nok medført ein del ekstra arbeid for sektoren. Sektoren er framoverlent slik at overgangar skjer på ein smidig og så effektiv måte som mulig. For 2019 er det på nytt varsla endringar i sektoren som vil få betydning (mogleg samarbeid med andre kommuner). Målsetjing i omstillingsprosessar er at dette skjer gjennom ein open og transparent dialog der tilsette tek del i prosessen gjennom aktiv medverking står fast.

## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Sektor Oppvekst

Saksnr  
2018/955

Arkivkode  
124

Dato  
10.10.2018

---

### BUDSJETTKOMMENTAR OPPVEKST 2019

#### 1. SEKTOR OPPVEKST

##### **Barnehage**

Herøy har 4 kommunale og 5 private barnehagar. I tillegg til å drive dei kommunale barnehagane, har kommunen tilsynsansvar og ansvar for driftstilskot til dei private barnehagane.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, i tråd med barnehagelova og rammeplan.

##### **Grunnskule**

Herøy kommune har 5 barneskular, 1 ungdomsskule og 1 kombinert skule 1-10. Alle med unntak av ungdomsskulen, også med skulefritidsordning. I tillegg er Herøy vertskommune for ein privat barne- og ungdomsskule. Dette inneber at kommunen gjer vedtak om spesialundervisning og dekkjer kostnadene til dette, samt at vi har det overordna ansvaret for gjennomføring av eksamen.

Grunnskulen skal legge til rette for fagleg og sosial kompetanse i tråd med opplæringslova, kunnskapsløftet og læreplanane.

##### **Herøy kulturskule**

Avdelinga underviser i musikk og andre kunstuttrykk, som instrument, song, dans, drama, teikning, m.m. Tilrettelegging av tilboda vert gjort i tråd med behov og påmelding, samt tilgjengeleg kompetanse og kapasitet. Det er utarbeidd nasjonal rammeplan for kulturskulane.

##### **Internasjonal skule/vaksenopplæringa**

Avdelinga underviser innvandrarak og flyktningar i norsk og samfunnsfag. Flyktningar og ekteskapsinnvandrarak har plikt til slik opplæring, som då er gratis. Arbeidsinnvandrarak får tilbod om opplæring, mot eigenbetaling.

##### **Flyktning**

Flyktningkontoret vert frå jan 2019 omorganisert og lagt inn i ei ny avdeling saman med Internasjonal skule (opplæring i norsk og samfunnsfag). Den nye avdelinga skal syte for mottak av og tilrettelegging for flyktningar, samt utføre dei tenester flyktningane har rett på i høve Introduksjonslova.

## **Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)**

PPT arbeider inn mot både barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og vaksne med behov for spesialundervisning.

Tenesta er eit sakkunnig organ med vurdering og tilråding om tiltak og ressursar for elevar som ikkje kan gjere seg nytte av ordinær undervisning. Dei tilsette skal elles hjelpe barnehagar og skular med kompetansebygging og tilrettelegging for elevar med særlege behov.

Det er ca 240 tilsette i sektor Oppvekst. Vi har ca 113 barn i kommunale og ca 350 i private barnehagar. Det er ca 1060 elevar i grunnskulen, ca.60 elevar på Internasjonal skule og ca 517 elevplassar i kulturskulen. Tala varierer frå månad til månad, med barn/elevar både inn og ut.

Talet på tilsette er relativt stabil, men årleg justert opp eller ned etter tal på barn i barnehage, skule og SFO, samt særlege behov som tilseier rettast etter barnehage- eller opplæringslova. Tal på barn i grunnskulen svingar også, og er skuleåret 2018/19 lavare enn siste åra. Vi vil sjå ein auke enkelte år framover, men trenden i prognosen viser reduksjon.

## **2. LOVVERKET**

Barnehagelova og Opplæringslova med forskrifter utgjør det viktigaste styringsverktøyet for arbeidet i sektoren. Dette lovverket vert stadig endra, slik at krava og ansvaret til kommunen som barnehage- og skuleeigar aukar.

For barnehage og kulturskule har ein i tillegg nasjonale rammeplanar som gir føring for arbeidet lokalt.

Kunnskapsløftet legg nasjonale føringar for innhaldet i undervisninga i grunnskulen (læreplanar), samt fastset kompetansemål for elevar på ulike årstrinn.

I 2018 vart ein ny overordna del for læreplanverket vedtatt av Stortinget, og nye læreplanar i alle fag er under utarbeiding. Nye læreplanar skal innførast frå hausten 2020.

I tillegg til Barnehagelova, Opplæringslova og nasjonale og lokale styringsdokument, kjem dei generelle lovverka som styrer kommunen si verksemd.

Internasjonal skule arbeider i tråd med Introduksjonslova, den delen som gjeld opplæring i norsk og samfunnsfag.

Sektor Oppvekst ber om slik budsjetttramme for 2019:

<b>Budsjettpost</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
<b>Barnehage</b>		
Brutto driftsutgifter	72756	76637
Brutto driftsinntekter	4436	4961
Netto driftsramme	68320	71675
Avvik i kr. frå førre budsjettår		3355
Avvik i % frå førre budsjettår		5%
<b>Grunnskule, kulturskule, vaksenopplæring, PPT. Inkl Flyktning frå 2019.</b>		
Brutto driftsutgifter	139416	153063
Brutto driftsinntekter	24191	32878



Netto driftsramme	115225	120184
Avvik i kr. frå førre budsjettår		4959
Avvik i % frå førre budsjettår		5% ( 1,6% *)

#### Forklaring på veksten på barnehageområdet:

Spesialpedagogisk hjelp i barnehage som tidlegare var heimla i opplæringslova er flytta frå grunnskule til barnehage. Alle kostnader som gjeld barnehage, er frå 2019 samla på barnehageområdet. Dette gjeld tilsette spesial- og styrkingspedagogar som arbeider på tvers i kommunale og private barnehagar, samt kjøp av assistent-tenester for barn med enkeltvedtak, frå private barnehagar. For barnehageåret 2018/19 er det elles auka opp med 50% stilling spesialpedagog, jfr barn med rett til slike tenester. Dette i tråd med ei ekstra løyving på kr 400.000 til spesialpedagogisk hjelp i barnehage i budsjettvedtaket.

#### Forklaring på endring/vekst for grunnskuleområdet (grunnskule, kulturskule, vaksenopplæring, PPT, Flyktning)

Ordinær drift i avdelingane har i snitt ein marginal vekst. Nokre avdelingar opp og andre ned, basert på elevtal og særlege behov hos enkeltelevar.

Endringa/veksten på området er i hovudsak relatert til:

- \* Netto inntekt på EMA (avd for einslege, mindreårige asylsøkjjarar) på vel 3 mill, som fall bort då avdelinga vart nedlagd. Ser ein bort frå dette, er veksten på området på 1,6%. Dette er lite, men må sjåast i samanheng med overføringa av funksjon 211 til barnehageområdet.
- Overføring av avd Flyktning frå Helse og omsorg til Oppvekst frå januar 2019.

### 3. MERKNADER TIL BUDSJETTFORSLAGET

#### Inntekter:

Inntektene i sektor Oppvekst kjem frå refusjonar av sjukelønn og foreldrepengar, refusjonar frå andre kommunar og fylkeskommunen, statstilskot til ulike formål og brukarbetaling. Kravet til tidleg innsats og lærartettleik (lærarnorma) vart i 2018 lovpålagt. Det er i statsbudsjettet varsla vidareføring av øyremerka tilskot som kompensasjon også i 2019.

Brukarbetaling, der vi kan påverke inntektsnivået, er:

#### 1) SFO i grunnskulen.

SFO i Herøy har over år hatt ein sats på lavt eller middels nivå samanlikna med andre kommunar i regionen. Satsane vart auka med 3% frå 1.august 2018. Herøy ligg no litt under snittet for full plass, og noko over snittet på andre satsar.

Pr. 1.8.18:

Tilbod	Volda	Ørsta	Vanylven	Ulstein	Hareid	Sande	Herøy	Snitt
Gr. 1:	1775,-	1325,-	880,-	1400,- *	1478,-	1400,-	1530,-	1398,-
Gr. 2:	2315,-	2140,-	1320,-	1950,- *	1655,-	1960,-	2160,-	1928,-
Gr. 3:	2856,-	2905,-	1980,-	2700,- *	2956,-	2800,-	2625,-	2689,-

Med bakgrunn i auka lønnsutgifter, burde nok satsane vore auka vesentleg meir. Konsekvensen kan då bli at SFO i krinsane Moltu, Stokksund og Leikanger får så få barn, at det vert for kostbart å halde oppe tilbodet, alternativt at opningstida vert for kort i forhold til kva foreldra treng. For Stokksund og Moltu er det allereie driftsøkonomisk utfordrande.

Etter ei samla vurdering, foreslår vi ein auke på 3% på alle satsar frå 1.august 2019.

Satsane vert så slik:

Gr 1: kr.1.576,-

Gr 2: kr.2.225,-

Gr 3: kr 2.705,-

I dei høve der SFO har matpengar, vert desse auka med 3%.

Rabattordninga vert fortsatt i tråd med vedtektene.

## 2) Kulturskulen.

Herøy har auka satsane ein del siste åra, og ligg no over snittprisen for kulturskulane i regionen.

Kommune:	Grunnpris pr år	Moderasjon	Leige av instrument og utstyr
Herøy	3500,-	Barn/plass 1 – full pris Barn/plass 2 – 25% Barn/plass 3 og 4 osv – 50%	450,-
Volda	3672,-	Barn 1 – full pris Barn 2,3,4, - 25%	260,-
Ørsta	3490,-	Barn 1 og 2 full pris. Over 3 barn – 25% frå barn nr 2	500,-
Sande	3300,-	Barn 1 full pris. 20% på sysken.	
Vanylven	2930,-	Barn/plass 1 full pris. Barn/plass 2 – 25%. Øvrige barn/plassar – 50%	800,-
Hareid	3180,-	Fleire barn/fag – 15%	400,-
Ulstein	3200,-	Barn 1 full pris. Sysken 20%	500,- 400,-

Herøy kulturskule har stor verdi for oppvekstmiljøet i kommunen, og er eit viktig aktivitetstilbod til barn og unge - for læring og utvikling.

Elevtalet har vorte noko redusert siste åra, men fortsatt er det ca 35% av elevane i grunnskulen som nyttar seg av tilboda kulturskulen gir. Dette er svært høgt, jfr Kommunebarometeret. Truleg har den økonomiske situasjonen i arbeidslivet vore ein medverkande faktor til at elevtalet er redusert.

Det kan gi uheldige utslag dersom prisen vert regulert mykje opp.

Vi vil tilrå:

- 3% auke på tilboda, dvs ein sats på kr. 3.600 pr.år, samt kr. 460 for leige av instrument og utstyr
- Vurdere rabattordninga for å auke inntektene, sidan denne er gunstigare enn i andre kommunar i regionen

- Auke betalinga for tenester til dirigent til vaksne kor og korps til kostpris, jfr vedtak i Kommunestyret 24.05.2018, sak Innsparingstiltak.

Alle endringar pr 1.august 2019.

### **3) Internasjonal skule**

Skulen får statleg tilskot for opplæring av flyktingar og innvandrarar med rett og plikt til norskopplæring. Dette er eit tilskot vi ikkje kan styre, anna enn ved å ha så store grupper som forsvarleg, og ved dette drive så driftsøkonomisk som råd.

I tillegg gir skulen tilbod til vaksne arbeidsinnvandrarar, som betaler etter faste satsar. Desse satsane vert med jamne mellomrom vurdert og justert basert på prisar i kommunane rundt oss, samt for å sikre at ein så langt råd balanserer utgifter og inntekter. I tillegg må vi heile tida vurdere kva desse som lærer norsk frivillig, har evne og vilje til å betale for tenestene. Det er svært viktig at dei møter opp på skule og lærer seg norsk, for å kunne bli den samfunnsressursen vi vil at dei skal verte. Også her ser ein bemanning og satsar i samanheng, og prøver å drive så driftsøkonomisk som råd.

Det var ingen endring i satsane frå 2017 til 2018.

Vi tilrår 3% auke frå 1.januar 2019; frå kr 140 til kr.145 pr.gong (4t) på dagtid, og frå kr 150 til kr 155 pr.gong (3t)på kveldstid.

### **4) Barnehage**

For barnehagen gjeld nasjonale satsar, som vert endeleg bestemt i samband med statsbudsjettet. For 2019 er desse estimert til å bli ca kr.3.000 pr.mnd.

#### **Utgifter:**

Budsjettet er i hovudsak basert på ei framskriving frå 2018, med noko mindre tilpassingar. I tillegg er alt på funksjon 211 Styrka tilbod til førskulebarn, flytta over frå grunnskuleområdet til barnehageområdet.

Ein har prøvd å ta ned utgifter der det er muleg, men her er lite å skjere. Dette med bakgrunn i stadig innsparing og stram drift over lengre tid, noko som viser igjen i Kostra-analysen. I tillegg opplever ein at stadig fleire barn, både i barnehage og skule, har behov for ei tilpassing av tilboda, og auka bemanning.

Oppvekst har tidlegare kommentert at skal det kuttast meir på utgifter, må ein vurdere strukturen både for barnehage og grunnskule. Dette vil igjen medføre investeringar i bygg, og vert dermed ei politisk sak å vurdere i eit framtidsperspektiv.

Dette er minst like aktuelt i dag, slik økonomien i kommunen har utvikla seg.

Å kutte meir undervisningstimar i skulen framover, vil verte nesten uråd om ein skal drive lovleg og forsvarleg. For dei store skulane, set den lovfesta lærarnorma avgrensingar for kva vi kan kutte. Ved dei små skulane, kan ein måtte slå saman stadig fleire årstrinn i same klasse, noko som kan utfordre vurderinga av det forsvarlege.

Innsparingane for Oppvekst jfr K-sak 2017/715, er lagt inn:

1. Stenge bassenget ved Stokksund skule, redusere symjeopplæringa

Innsparinga er delt mellom Oppvekst og Eigedom.

2. Kulturskulen, fleire tiltak:
  - a. Innføre kostpris for dirigenttenester for vaksne kor og korps
  - b. Kutte kulturskulen sitt tilbod om korps i barnehage og grunnskule
  - c. I større grad sentralisere undervisninga i kulturskulen, redusere køyring og delte dagsverk.

Pkt a vert innført som foreslått. Pkt b vert vurdert på nytt, og muleg endra til andre tiltak. Pkt c er endra; innsparinga vert delt mellom redusert bemanning i kulturskulen og auka innsparing på grunnskuleområdet. Sentralisering er ikkje realistisk utifrå ei heilskapleg vurdering av lokalitetar og oppvekstmiljøet ute i krinsane.

Sum innsparing som vedtatt.

3. Redusert skuleskyss
4. Redusert tilbod i SFO, lavare bemanning/mindre bruk av vikar
5. Færre undervisningstimar i grunnskulen, så mykje som nødvendig for å imøtekomme det samla kravet frå kommunestyret

#### 4. ENDRINGAR MED KONSEKVEN SAR FOR 2019

1. Nye lovparagrafar i Opplæringslova om tidleg innsats og lærarnorm (auka lærartettleik) Kommunen har fått ekstra tilskot i 2018 på til saman ca 2 mill. Det har vore ulike statlege signal om midlar til dette formålet fortsatt skal vere øymerka, eller om det skal leggast inn i ramme. Etter framlegging av statsbudsjettet 8.okt, kan det sjå ut som om midlar til tidleg innsats og kompensasjon for lærarnorma kjem øymerka.
2. Lovpålagd bemanningsnorm og pedagognorm i barnehage  
Konsekvens: Auka kostnader på ca kr.900.000, som i 2018 er dekt gjennom øymerka tilskot. Etter framlegging av statsbudsjettet 8.oktober, er det uklart om kompensasjonen kjem som øymerka tilskot eller om det vert lagt i ramme. KS har gjennom heile prosessen dokumentert og kommunisert at reforma er underfinansiert.
3. I'Pad i begynnropplæringa. Oppvekst har ikkje fått ekstra midlar til denne storsatsinga, men har kutta og omfordelt. Så langt har vi over 3 år greidd 1.-3.årstrinn, men må ha utstyr også til 4.trinn frå hausten 2019. I tillegg noko utstyr til barnehage, for å starte opplæringa der.  
Oppvekst har bestemt å bruke i'Pad som læringsverktøy på 1.-4.årstrinn, og Chromebook på 5.-10.årstrinn.
4. Auke i spesialundervisning og tilrettelegging for barn i barnehage. Behov for framskrivning av ekstraordinære tiltak for barnehage (kr.400') som vart løyvd i 2018. Men dette er fortsatt ikkje nok til å gi barn med ulike funksjonshemmingar tenester dei har rett på. Barnehage varslar overskriding på dette området i 2018.

#### 5.SÆRLEGE UTFORDRINGAR

### **Digital utvikling i skule og samfunn**

Krava til digitale ferdigheiter aukar, både i rammeplan for barnehagen, læreplanar og i arbeidslivet. Skal vi ruste borna og elevane våre for framtida, må vi henge med.

I tillegg ser ein verdien av å nytte digitale læremiddel som i'Pad i opplæringa, og har gjort gode erfaringar med dette i høve betre tilpassa opplæring, motivasjon og raskare innlæring. Ved å bruke digitale læremiddel, når ein tre mål: Betre og meir effektiv tilpassa opplæring, auka læring og betre digitale ferdigheiter.

### **Fagfornyninga**

Kunnskapsløftet er i ferd med å bli fasa ut, til fordel for ny overordna plan (allereie vedtatt i Stortinget) og nye læreplanar i dei enkelte faga. Læreplanarbeidet er i gang og skal fullførast i 2019. Frå hausten 2020 skal nye læreplanar inn i skulane, med nye kompetansemål, nye prinsipp for opplæringa og nye læremiddel.

Alle kommunar i landet er i gang med førebuinga til denne store endringa.

### **Rekruttering av leiarar**

Internasjonal og nasjonal forskning omtalar leiaren som ein avgjerande faktor for læring og utvikling. Sektor Oppvekst brukar mykje tid og ressursar til leiaropplæring og leiarstøtte, noko som også har gitt oss eit godt omdøme. Men vi er likevel uroa for rekruttering av leiarar framover. Leiarrolla i grunnskulen vert utfordra med stadig fleire administrative, praktiske og pedagogiske oppgåver. Samtidig aukar ansvaret, ikkje minst med endringa i opplæringslova §9a om mobbing og krenking. Det er vanlegvis svak søknad til slike stillingar, og vår kommune ligg ytst ute. Det vil truleg vere behov for ekstra tiltak for å sikre gode leiarar i Herøyskulen.

### **Forsvarlege barnehage- og skulebygg**

Fleire av barnehagane og skulane våre er fortsatt ikkje godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern. Dei to største utfordringane er relatert til Bergsøy skule avd. Borga og Ytre Herøy ungdomsskule. Men der er fleire utfordringar, både i barnehagar og skular.

Lokala til kulturskulen i kjellaren på kulturhuset har blitt betre siste året, men er likevel ikkje eigna til framtidig utvikling av kulturskulen.

## **6.PRIORITERTE DRIFTSTILTAK FOR Å NÅ MÅLA FOR 2019-22**

### **1) Spesialpedagogisk hjelp i barnehage**

Ein har siste året registrert ein stor auke i barn med store og samansette behov, og med rett til spesialpedagogisk hjelp i heim og i barnehage. I tillegg har vi tru på at tidleg oppdaging og tidleg hjelp styrker ei positiv utvikling og reduserer hjelpebehovet på sikt.

Det er behov for å midlertidig auke opp bemanninga med ca 50% stilling spesialpedagog på dette området.

**Sum kr.400.000**

MÅ-tiltak. Er gjennomført midlertidig for barnehageåret 18/19.

**Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre tiltaket:**

Tiltaket er allereie gjennomført, pga lovfesta rettar og behov for spesialpedagogisk kompetanse. Bemanningsnorm gjorde omdisponering av pedagogar umuleg.

**2) Bemanning for barn med ulike funksjonshemmingar**

For å gi eit lovfesta tilrettelagd barnehagetilbod til funksjonshemma barn, er det gjort enkeltvedtak tilsvarande ca 3 årsverk. Tilbodet vert gitt i privat barnehage, og kommunen vi få refusjonskrav på bruk av assistentar. Kr 850.000 vert dekt gjennom omdisponering innan funksjon 211.

**Behov for ny løyving: kr 900.000**

**Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre tiltaket.**

Budsjettoverskriding, dette sidan bemanningsnorma hindrar omfordeling/ innsparing innanfor det ordinære. Barna er allereie i barnehagane og refusjonskrava frå private barnehagar kjem.

**2) Nye læremiddel jfr nasjonal skulereform**

Stortinget har vedtatt ny grunnskulereform. Overordna del av læreplanverket er vedtatt, og nye læreplanar er under arbeid, og skal innførast frå hausten 2020 i heile grunnskulen. I samband med dette blir det behov for nye læremiddel; anten bøker, digitale læremiddel eller kombinasjonar.

**Sum kr.600.000 og 500.000 over åra 2020 – 21.**

**Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre dette:**

Vi vil mangle læremiddel (bøker og digitale læremiddel) som støttar kompetansemåla i dei nye læreplanane. Elles er lærebøker i stor grad no utslitne, i påvente av nye læremiddel som konsekvens av grunnskulereforma.

**7.PRIORITERTE INVESTERINGSTILTAK FOR Å NÅ MÅLA FOR 2019 – 21.****Digitalt utstyr i barnehage og skule**

I'Pad-satsinga i Herøyskulen skulle vere kjend. Gode erfaringar og resultat, gjer at vi ønskjer å kunne nytte verktøyet som læremiddel i begynnaropplæringa, på 1.-4.årstrinn, samt å kunne starte så smått allereie i barnehagen. Den økonomiske ramma har ikkje gitt rom for å kjøpe utstyret, vi må lease. Dette gjer eit stort innhogg i driftsbudsjettet, og er krevjande å handtere, med årlege kostnader på ca kr.775.000 pr år for årstrinna 1.-4.

Også på mellomtrinnet, og i særleg grad på ungdomstrinnet, er det for mange elevar pr digital eining til å kunne drive ei god og tilpassa opplæring.

IKT-avdelinga har ikkje hatt høve til å prioritere midlar til å auke opp «utstyrsparke». 2018 har vore svært utfordrande med lite utstyr med forventa funksjonalitet.

Oppvekst har dekket innkjøp av en del Chromebooks til YHU og Stokksund, med risiko for eit meirforbruk dette året.

Her trengst eit digitalt løft for grunnskule og barnehage, gjennom ei løyving spesifikt til formålet. Vi meiner løyvinga skal gå gjennom IKT, for innkjøp og tilrettelegging der.

**Sum kr.650.000 – 450.000 – 195.000 over åra 2019 – 21. I tillegg kostnader til infrastruktur.**

**Vert budsjettert på IKT-budsjettet for Herøy.**

**Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre dette:**

Dårlegare tilpassa opplæring og meir behov for spesialundervisning. Vi vil vere dårleg rusta til å møte den nasjonale grunnskulereforma frå 2020, med nye læreplanar og auka bruk av digitale læremiddel.

I tillegg vil Herøyskulen sakke akterut i teknologisk utvikling. Elevane som kjem ut herifrå, vil ikkje ha dei digitale ferdigheiter dei skal ha etter læreplan og kompetansemål. Endå viktigare er at dei vil mangle den digitale kompetanse som trengst i eit samfunns- og arbeidsliv som vert meir og meir teknologisk, ikkje minst i vår region.

**Utstyr og inventar i sektor Oppvekst**

Skuleavdelinga fekk i 2016 og 2017 ei løyving på kr.400.000 til innkjøp av inventar og utstyr i grunnskulen. Dette betydde svært mykje, både for trivsel og læringsmetodar. Vi er derimot ikkje i mål. Det er fortsatt behov for meir investering i digitale læremidlar og programvare, og det er fortsatt behov for meir oppdatering og modernisering av både inventar og utstyr. Vi ber derfor om ein ny sum til fordeling - ikkje berre for Grunnskule som tidlegare, men også Barnehage, Kulturskule og Internasjonal skule - sektor Oppvekst samla.

**Sum kr.500.000 for 2019 og 2021**

10.oktober 2019

Sølvi Lillebø Remøy

Kommunalsjef Oppvekst



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840  
E-post: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)



## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Helse og omsorg

Saksnr  
2018/955

Arkivkode  
124

Dato  
09.10.2018

---

### BUDSJETTKOMMENTAR HELSE OG OMSORG 2019

Helse og omsorg ber om slik budsjetttramme for 2019:

Budsjettpost	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Brutto driftsutgifter	264.848.318	271.001.058
Brutto driftsinntekter	59.131.788	54.864.375
Netto driftsramme	205.713.530	216.136.683
Avvik i kr. frå førre budsjettår		
Avvik i % frå førre budsjettår		

#### 1. GENERELT

Budsjettet er vidareført etter 2018 driftsnivå, utanom innsparingstiltaka jf. sak om innsparing, som er lagt inn. Fastløn overført frå Agresso til Arena er kontrollert og korrigert ved feil. Oppretta heimlar er korrekt. Pris og lønsvekst er lagt på sentralt av økonomileiar.

Tidligere reservert bevillingar/avsetningar pålagt sektoren på vel 4,030 million i 2018, er korrigert i null. Flyktingetenesta med si nettoinntekt på kroner 3,555 million, er overført til sektor for oppvekst jf. omorganisering. Med det som utgangspunkt er veksten i budsjettet frå 2018 til 2019 på 2,838 million.

Effektivering av innsparingsspakken er lagt inn med 3,8 million for 2019. Innsparingsskravet til helse og omsorg var 4,5 million. Tre av innsparingspunkta var knytt til prosess, her må vi legge til eit rammekutt på 700.000,- for 2019, for å oppnå det samla kravet på 4,5 million i innsparingssaka.

At resultatet ikkje vert betre etter innsparingstiltaka er iverksett, skuldast vekst i pensjonsgivande tilleggsløn i pleie og omsorg og bu og habiliteringsavdelinga med

ein auke på 1,697 million og eit førebels utlegg i talbudsjettet til prosjektet Kvikk Herøy på 534.000,-, som fyrst må vedtakast som vidareføring av nytt tiltak. Om det ikkje vert prioritert, skal 534.000,- takast ut av talbudsjettet.

## **2. ANSVAR OG OPPGÅVER**

Helse og omsorg er den største sektoren i Herøy kommune. Sektoren har 4 avdelingar: Avdeling for tenestekoordinering, avdeling for barn, familie og helse, avdeling for bu og habilitering og avdeling for pleie og omsorg. Sektoren har ansvar for alle helse og omsorgstenester til innbyggjarar i eit livsløpsperspektiv.

Sektoren har totalt 258 oppretta årsverk, 12 fastlegeavtalar og 600% driftstilskot til fysioterapi per 01.01.2019, etter omorganisering og kutt.

## **3. UTVIKLINGSMÅL TENESTER**

Utviklingsmål for tenester er satt opp i årsplanen for Helse og omsorg.

## **4. UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR**

Sektor for helse og omsorg har generelt høgt press innan dei fleste tenesteområda. Det meste er godt kjent frå før, og også dokumentert gjennom evalueringsrapporten til Ressurssenteret for omstilling (RO) og gjennom tilsyn. Vi snakkar mellom anna om arbeidspresset i heimetenesta, flyten av pasientar til sjukeheim knytt til samhandlingsreforma, behovet for å styrke psykisk helsevern, barnevern og rehabilitering. Vi treng stadig fleire ressursar og ny kompetanse for å levere dei tenestene innbyggjarane har krav på. I nokre tilfelle er vi vel helt på grensa til å drive uforsvarleg, jf systemrevisjon frå fylkesmannen innan rus og psykisk helse.

Som vi veit har også legesituasjonen vore utfordrande i fleire år. Dei nye avtalene som vart gjeldande frå 2017 har ført til ei positiv utvikling, men det er fortsatt utfordringar. Tiltaka som vart nedfelt i den strategiske rekrutteringsplanen for fastleger er delvis gjennomført, planen er evaluert, og kjem til politisk handsaming i desse dagar.

## **5. KONSEKVEN SAR FOR VIDAREFØRING AV VERKSEMDA**

### **Tenestene er tilfredstillande:**

Samhandlingsreforma utfordrar oss fortsatt, og vi har betalt «bot» til Helseføretaket for 14 utskrivingsklare pasientar så langt i 2018. Likevel har vi stort sett klart å ha god og jamn pasientflyt i Herøy kommune. Kvaliteten på tenesta er gjennom brukarundersøkingar i all hovudsak vurdert til bra, medan kvaliteten på institusjonsbygga er av ein slik art, at vi ikkje kan basere oss på overbelegg av pasientar i/på gangareal.

Samhandlingsreforma har gjeve oss utfordringar i institusjonane, i heimetenesta og helsetenesta elles, knytt til behovet for fagkompetanse og auka press. Pasientane har eit anna og meir krevjande sjukdomsbilete no enn før. Vi ser også at det er utfordrande å følgje opp rehabiliteringsbehov, psykisk helse og born og unge utan å auke ressursane i takt med behovet. Frå 2019 vert det også innført kommunal

betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Konsekvensar av ei vidareføring av verksemda vil få konsekvensar. RO peika mellom anna i sin rapport i 2017, på behovet for å styrke tenesteområda, psykisk helse og barnevern. Denne vurderinga er heilt i tråd med eigen fagleg vurdering i kommunen. Dei høgt prioriterte tiltaka som vert foreslått frå avdeling barn, familie og helse, er såleis noko vi vurderar som nødvendige tiltak. **Herøy kommune har fått tilsagn på 400.000,- frå Fylkesmannen til å ny psykologstilling for barn og unge.** Kommunen må legge inn resterande midlar for at vi skal ta i mot tilskotet. Tiltaket er lagt inn som 1. prioritet over ønska nytt driftstiltak.

Vi ser ein auke i brukarbehov knytt til born og unge med avlastingsbehov, og unge-eldre som treng tettare oppfølging av den kommunale habiliteringstenesta, for å meistre kvardagen. Her har vi kostnader vi ikkje har budsjettdekning for i dag, men som vi likevel må betale.

Vi opplever fortsatt eit høgt press i heimetenesta. Kostrarapporteringar knytt til pleie og omsorgstenestene viser at Herøy kommune har hatt ein sterk produktivitetsauke sidan 2009. Ressurssenteret for omstilling (RO), trakk fram behovet for å arbeide meir førebyggjande i sin evalueringsrapport. Prosjekt kvardagsrehabilitering som var lagt fram i K-sak 83/16, vil vere viktig få å kome eit steg vidare for å løyse utfordringane vi ser i heimetenesta. **Her har vi fått tilskotsmidlar frå Fylkesmannen på 660.000,-, og vi kan omprioritere noko internt.** Helse og omsorg manglar 300.000,- for å fullbudsjettere prosjektet.

Helse og omsorg er vidare aktivt med i fleire prosjekt knytt til utvikling og bruk av velferdsteknologi. Vi er heile tida på jakt etter å arbeide smartare og meir effektivt. I 2018 er vi både i gang med velferdsteknologiens ABC og med i eit læringsnettverk for gode pasientforløp. Med teknologitutvikling, kjem auke i lisenskostnader. Vi ber difor om ein liten vekst i potten både på drift og investering, for å imøtekomme det.

#### **Kommunen yt tenester i samsvar med lovverket:**

Helse og omsorg skal som hovudregel få medhald i saker som vert overprøvd av fylkesmannen. I tillegg må ambisjonen vere å ha tilsyn, som ikkje fører til pålegg på grunn av avvik.

#### **Brukarane er tilfreds med dei kommunale tenestene:**

Helse og omsorg har planer om å gjennomføre nye brukarundersøkingar i 2019.

### **6. KONSEKVENSAV OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER.**

Helse og omsorg yt i all det vesentlege lovpålagde tenester, med individuelle vurderingar i kvar enkeltsak. Kommunen kan ikkje vurdere reduksjon i tenester ut frå kommunen sin økonomiske situasjon, eller vurdere standardreduksjon på generelt grunnlag. Kommunen si plikt er å vurdere kva den einskilde innbyggjar har rett til, av nødvendig helsehjelp. Ein ser ikkje at det er mogleg å skalere ned tenester, utan at innbyggjarar vert skadelidne.

Helse og omsorg vurderer likevel kontinuerlig om vi kan arbeide meir effektivt, for å løyse fleire oppgåver utan tilsvarande auke i ressursane.

## **7. FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK**

### **MÅ-tiltak drift 2019**

(Må-tiltak betyr at tiltaka er i drift, og har kostnader vi må betale)

**Driftstiltak 1** – Barn, familie og helseavdelinga har kostnader knytt til endra avtalar med fastlegane, jf. reforhandling i 2016. Ei avtaleendring var heilt naudsynt for å behalde og rekruttere fastlegar i kommunen. Endringar i avtalen vart ikkje kostnadsjustert i budsjettet for 2017 eller 2018, men er kostnader vi må betale.

Kostnad: Kostnaden er omlag 1.000.000 per år.

**Driftstiltak 2**- Det vert her vist til ei eiga sak i kommunestyret om utfordringar med omsyn til auka utbetalingar til sosialhjelp i kommunen. Det vert set inn ulike tiltak for å få ned utbetalingane , men like vel er det nødvendig å auke budsjettet på dette området.

Kostnad: Kostnad vert estimert til ein auke på 5.000.000 per år.

**Driftstiltak 3** – Bu og habiliteringsavdelinga har fått ein bebuar med vesentleg auka brukarbehov. Vedkomande treng ein ressurs på 5,27 årsverk, som ikkje er budsjettert. Behovet er vedvarande. Innsatsen utløyser statstilskot, etter kommunen sin egedel er betalt.

Kostnad: Kostnaden er omlag 2.280.000 per år.

**Driftstiltak 4** – Bu og habiliteringsavdelinga har ansvar for auka behov/nye born i avlasting og skule tilsvarande 1,92 årsverk, som ikkje er budsjettert. Behovet er vedvarande. Innsatsen utløyser ikkje statstilskot.

Kostnad: Kostnaden er omlag 1.400.000 per år.

### **Prioriterte ØNSKA-tiltak, drift 2019**

(Tiltak som er sterkt naudsynte for å levere forsvarlege tenester)

**Driftstiltak 1** - Kommunen har søkt og fått om midlar frå Fylkesmannen til ei psykologstilling på 400.000,- som er maksimalt tildelingsbeløp. Denne stillinga skal særleg ha ansvar for barn og unge. Det er meldt om eit stort behov for dette i kommunen. Dersom vi får tilskotet, vil kommunen trenge ei kommunal avsetning på 680.000,- per år, for å dekkje inn ein slik ressurs.

Kostnad: Kostnaden blir om lag 680.000,- per år.

**Driftstiltak 2** – Oppretthalde stilling i barneverntenesta

Kommunen har i fleire år fått midlar til styrking av barneverntenesta. Per i dag (2017) betalar fylkesmannen tilskot til ei 100% stilling. Det er ikkje forventta at tilskotet vert vidareført i 2018. Kommunen må difor sjølv budsjettere kostnaden, om vi skal halde oppe det nivået vi har i dag på tenestelevering. Med tanke på RO sin rapport, viser det seg også her, at vi treng dei ressursane vi har.

Kostnad: Kostnaden blir omlag 730.000,- per år.

### **Driftstiltak 3** – Styrking innan psykisk helsevern

Utfordringane innan psykisk helsetenester er stadig aukande. Både evalueringsrapporten frå RO og tilsynet frå Fylkesmannen syner at vi har behov for å prioritere dette området sterkare.

Kostnad: Kostnaden blir omlag 1.100.000 per år.

**Driftstiltak 4-** Kvikk-prosjektet har bidrege til at mange som slik med psykiske utfordringar og/eller rus har kome ut og i aktivitet. Per i dag er det 40 aktive brukarar. Dette prosjektet som vi har fått midlar for av fylkesmannen krev no at kommunen og legg inn ein eigendel om det skal kunne fortsette. Denne eigendelen er anslagsvis kr. 534.000.

### **Driftstiltak 5** – Prosjekt kvardagsrehabilitering

Viser til K-sak 83/16, der prosjektet skulle sjåast i samanheng med budsjettarbeidet, men førebels ikkje har klart å bli prioritert.

Fylkesmannen har nyleg gitt Herøy kommune 660.000,- for 2018 til å starte dette prosjektet. Ut frå tidligare erfaringar veit vi at det er mogleg å få overført unytta midlar til neste år. Oppstarta prosjekt vert også prioritert ved neste tildeling, noko som betyr at den kommunale eigeninnsatsen vert mykje lågare dei fyrste åra. Prosjektrapporten viser at er behov for eit kjernepersonale med, ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleier i 60 % kvar som er ressurspersonar i kvardagsrehabiliteringa. Dette kjernepersonale kallar vi motorteam. Disse bør ha kompetanse og vidareutdanning innan rehabilitering, der rolla er å kunne kartlegge behov, opplæring, holdningsendring, organisering. Heimetrenerane blir heimetenesta i det enkelte distrikt. I desse stillingane som motorteam bør det opprettast nye stillingar. Sidan vi har fått tildelt støtte, og kan omprioritere noko internt, vil kostnaden for Herøy i 2019 bli ein marginal sum for 1, 8 årsverk til dette. (Forventar å møte vekst i teneste, utan å auke ressursar, leve heile livet, gode pasientforløp, velferdsteknologi)

Kostnad: Kostnad samla sett er om lag 300.000,- i 2019 og aukande frå 2020.

**Driftstiltak 6** – I samband med at 7-stjerna har hatt eit samarbeid med spesialisthelsetenesta, har det også vore dialog om å bruke det nyoppstarta ACT-teamet som er lokalisert i Myrvåg. Dette teamet skal gi eit behandlingstilbod til dei sjukaste pasientane innan psykisk helse, som ikkje kan nytte seg av andre tilbod. Kommunen må betale ein eigendel for kvar pasient som skal nytte dette tilbodet.

Helse og omsorg foreslår å sette av 150.000,- til dette. Det vil truleg dekke behandling av 2 pasientar i året.

Kostnad: Kostnaden er 150.000,- per år.

**Driftstiltak 7-** Utviklinga av omfanget av sosialtenesta i kommunen har vore sterkt aukande. Dette visast også ved den utbetalinga som har vore og som vert handsama i eigen sak. Det er eit behov for å kunne yte meir bistand overfor denne utsette gruppa og ein foreslår difor ei ny stilling som rettleiar innan sosialtenesta.

Kostnad: Kostnaden vil vere 667.000,- per år.

**Driftstiltak 8 –** Auka stilling som kommuneoverlege  
I samband med gjennomføringa av den nye akutforskrifta, kjem det stadig større krav til det å vere den samfunnsmedisinske ansvarlege i kommunen. Det vert også nye krav for kommunen til oppfølging av den einskilde turnuslege, og lege under spesialisering. Det er vidare nye krav til vaktberedskapen. Alt dette gjer at ein vil melde behov for ei halv stilling til, som kommuneoverlege.

Kostnad: Kostnaden vil vere om lag 800.000,- per år.

### **Andre ønska tiltak som vert lagt fram og er lagt inn i Arena:**

**Driftstiltak 1-** Reduksjon av fastlegar med leigeavtale.  
Ein av fastlegane har sagt opp si leigeavtale med kommunen, og flytter med seg fastlegelista si ut av dei kommunale kontora. Dette fører til ein reduksjon i leigeinntektene for kommunen. På kort sikt vil det vere vanskeleg å redusere utgiftene tilsvarande.

Kostnad: Kostnaden vil vere 450.000,- i 2019.

**Driftstiltak 2 -** Familiestøtte. Viser til K-sak 96/17 der kommunestyret handsama sak om familiestøtte og var positive til å få set i gong ordninga. Helse og omsorgskomiteen var initiativtakar for å få på plass ei serviceteneste for særleg utsette familiar. Ordninga vart budsjettert kun som eit prøveprosjekt for 2018, slik at det må inn på nytt for å vidareførast som tilbod.

Kostnad: Kostnaden er berekna til 150.000,- per år.

**Driftstiltak 3 –** Vi må auke budsjettet til lisens på grunn av utrulling av teknologi. For eRom aleine er kostnaden for 14 brett 29.400 og aukande til 130.200 frå 2020 og utover.

Kostnad: Kostnaden er 29.400,- for 2019, og aukande til 130.200,- frå 2020.

**Driftstiltak 4 –** Oppretting av eige område for psykososialt kriseteam.

Det psykososiale kriseteamet er endra i forhold til kven som er med i det. Det er behov for å sette av eit beløp for å ivareta kurs og opplæring. I samband med lønsoppgjøret er det venta at det kjem nokre nye utgifter til for utføringa av dette arbeidet.

Kostnad: Kostnaden er 30.000,- per år.

### **MÅ-tiltak investering 2019**

(Tiltak som viser seg nødvendig på grunn av slitasje og forventa utvikling)

**Investeringsiltak 1** – Vidareføring av posten til utskifting av utstyr på 250.000,-  
Grunngjeving for prioritering: Det er behov for stadig fornying av utstyr til store kostnadar.

**Investeringsiltak 2** – Det er innført eRom ved Myrvåg omsorgssenter i samarbeid med SSIKT no i 2018. Herøy lokalt har budsjettert kostnad på brett og lisens i 2018. I utviklingsplanen for Herøy legg vi opp til ei utrulling av tiltaket i Herøy med 48 nettbrett i 2019. Vi må budsjettere lisens(2100 pr brett)og kostnad på brett (6000 pr brett) i budsjett. Lisens på 48 brett i 2019 x 2100 = 108 000,-

Kostnad nye brett er 48 x 6000 =288 000,- Summert= 396 000,- i 2019.

## **8. KOMMENTAR TIL DRIFT OG INVESTERING**

Forslag til tiltak på drift er delt opp etter

- 1: Om dei er i drift og effektuert per d.d
- 2: Prioriterte ønska tiltak for å drive fagleg forsvarleg innan gjeldande lov og regelverk.
- 3: Ønska tiltak som vil gje eit betre tilbod, eller har kostnader som vil kome.

Forslag til investering er foreslått etter det vi ser på som høgst nødvendig knytt til slitasje, og eit velferdsteknologiprojekt i samarbeid med SSIKT, der vi skal rulle ut eRom på sjukeheimane.

Med helsing  
Renathe Rossi-Kaldhol

Kommunalsjef Helse og omsorg



## **Delegerte saker frå avdelingane**

**DS 25/18 Serveringsløyve - melding om endring. 26.10.2018 00:00:00**

**DS 26/18 Skjenkeløyve for Oktoberfestivalen - løyve til enkeltarrangement 28.09.2018 00:00:00**

## **Referatsaker**

**RS 42/18 Er din kommune årets nynorskkommune 2018 Er din kommune årets nynorskkommune 2018 15.10.2018 00:00:00**



R-fsk

**Fra:** Anne Kirkhusmo <Anne.Kirkhusmo@sprakradet.no>  
**Sendt:** 15. oktober 2018 10:04  
**Emne:** Pressemelding frå Språkrådet - er din kommune årets nynorskommune?  
**Vedlegg:** Pressemelding frå Språkrådet- årets nynorskommune.docx

## Er din kommune årets nynorskommune 2018?

Jobbar du i ein nynorskommune som gjer ekstra godt språkarbeid? Då er det kanskje nettopp din kommune som bør bli årets nynorskommune 2018.


Aktuelle kommunar og fylkeskommunar søkjer sjølve for å vere med i konkurransen. Prisen er på 100 000 kroner. Vinnaren blir ein nynorskommune eller -fylkeskommune som tar særleg godt vare på den nynorske målforma. Kommunar som har søkt tidlegare, er velkomne til å gjere det igjen. Det er Kulturdepartementet som deler ut prisen.


– Nynorsken er under press, og i desse tider med både kommune- og fylkessamanslåingar er det ekstra viktig at nynorskommunane gjer godt og medvite arbeid for denne målforma. I år vil vi derfor særskilt oppmode kommunar eller fylkeskommunar som skal slå seg saman, om å søkje om å få prisen, seier Margrethe Kvarenes, seksjonssjef i Språkrådet.

Les meir i den vedlagde pressemeldinga.

Vennleg helsing  
Anne Kirkhusmo  
kommunikasjonssjef | Språkrådet  
Tlf.: 416 74 135

Språkrådet

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
15 OKT. 2018	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	



Per Morten Bjørlykke  
Flusundvegen 11  
6091 Fosnavåg

Saksnr  
2018/77

Arkiv  
P00

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
UTV

Dato  
07.08.2018

## FARTSAVGRENSINGAR TIL SJØS OG ANSVAR FOR DESSE

Viser til brev sendt til Ordfører den 28.07.2018, som gjeld høg fart i kommunens sjøområder.

Vi vil takke for tilbakemelding og engasjement når det gjeld tryggleik i sjøen.

### Regulering

Ferdsl på sjø er regulert av fartsforskriften

(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2009-12-15-1546>).

Denne forskrifta er generell og gjeld heile landet. Den gjev og heimel til kommunar til å fastsette lokale fartsforskrifter.

### Fartsforskriften

Hovudregelen i fartsforskriften står i § 2 og er ei generell fartsavgrensing:

*"Fartøyer skal utvise forsiktighet og avpasse farten etter fartøyets størrelse, konstruksjon, manøvreringsevne og farvannsforholdene, slik at det ikke ved bølgeslag eller på annen måte oppstår skade eller fare for skade på personer, herunder badende, andre fartøyer, farvannets strandlinjer, kaier, akvakulturanlegg eller omgivelsene for øvrig."*

§ 3 set ei maksimal fart på 5 knop om ein ferdast nærare enn 50 meter frå stader der bading går føre seg.

*"Fartøy som nevnt i § 1 som passerer innenfor en avstand av 50 meter fra steder hvor bading pågår, skal ikke gå med større fart enn 5 knop (ca. 9,2 km/time)."*

Desse føresegna burde dekke opp for dei fleste sjøområda i kommunen. Dessverre viser det seg at fleire ikkje kjenner til, eller overheld desse føresegna.

### Forskrift om fartsavgrensing i sjøen i Herøy kommune

Kommunar er ikkje pålagde å ha eigne fartsgrenser til sjøs, dette er frivillig.

Politisk er det vedteke ei forskrift om fartsavgrensing i sjøen i Herøy kommune for områda Straumane (7 knop) og Fosnavåg hamn (5 knop). Kystverket må godkjenne denne forskrifta.

Kystverket har tidlegare etterspurt fleire opplysningar i saka. Desse er sendt inn saman med ein søknad om plassering av skilt.

Når Kystverket har godkjent dette vil arbeidet med skiltinga ta til.

### **Ansvar**

Når det gjeld ansvar er det er den enkelte fører av fartøy som pliktar å setje seg inn i og fylgje dei reglane som gjeld på sjøen. Om nokon skulle forårsake skader på grunn av brot på desse reglane er det sjølvsgagt dei som har ansvaret og ikkje kommunen. Dette gjeld sjølv om kommunen ikkje har fastsett lokale fartsavgrensingar.

Kommunen har ikkje heimel til å handheve brot på verken sentrale eller lokale fartsforskrifter. Det er det politiet som må gjere.

### **Haldningskampanje**

Med grunnlag i tilbakemeldingar og observasjonar vil vi vurdere om det skal setjast i gong ei haldningskampanje retta mot ansvarleg ferdsl på sjøen.

Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Torger Kvalsund,  
torger.kvalsund@heroy.kommune.no - 90156347

Med helsing

Fred Arnesen  
Avdelingsleiar  
Anlegg og driftsavdelinga

Torger Kvalsund  
Sakshandsamar  
Anlegg og driftsavdelinga

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE  
Postboks 2500  
6404 MOLDE

Saksnr 2018/1299 Arkiv Dykkar ref Avd /sakshandsamar Dato  
2018/1299 UTV 15.10.2018

## HØYRING MULIG REDUKSJON I BUSSTILBOD FRÅ 1. MAI 2019 - SVAR

Saka gjeld endring i rutetilbod:

Rute/linje	Kl.	Trase	Turnr	Endring	Dagtype	Antall reisande pr avg	Merknad	Rutepakke
210	05:50	Stordal - Sjøholt	103	Lite påstigende pax Stordal til Sjøholt. Framleis rute Sjøholt - Ålesund	mandag-fredag	4,2	påstigningstatistikk Stordal - Sjøholt	4
235	11:30	Steinshamn - Myklebust	107	utgår	mandag-fredag	4,14		4
235	11:50	Myklebust - Finnøy	110	utgår	mandag-fredag	5,02		4
238	16:50	Skodje - Vadset	101	utgår	mandag-fredag	0,05		4
241	06:10	Midsund-Heggdal-Solholmen		Utgår	Mandag-fredag skuledagar	0		8
245	07:40	Vestnes-Fiksdal	103	Kutte Øverås/Nerås på turen skolefri	Mandag-frdag skulefri	0	Kun liten del av trase som tas bort.	7
310	15:13	Årvik - Garnes	605	Utgår	laurdag	2,91		5
334	15:50	Leikong - Voldnes	113	Utgår	Mandag-fredag skuledagar	0,38		5
334	16:00	Voldnes - Leikong	120	Utgår	Mandag-fredag skuledagar	0,09		5
338	15:50	Garnes-Volda	606	Utgår	laurdag	1,15		5
338	16:20	Volda - Garnes	605	Utgår	laurdag	2,5		5

Sak om ruteendingsprosessen har vore annonsert på nettside og sosiale mediar og vi har ikkje motteke merknadar på forslaget frå fylket. Ein har og lagt fram saka for sektor oppvekst og lokal skule som ikkje hadde kommentarar til saka.

Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Jarl Martin Møller,  
jarl.martin.moller@heroy.kommune.no - 97506761

Med helsing

Jarl Martin Møller

Jarl Martin Møller

Kommunalsjef  
Samfunnsutvikling

Sakshandsamar  
Utviklingsavdelinga

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

---



HERØY KOMMUNE  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

## Herøy kommune - vedtak i klagesak etter alkohollova - prikktildeling

Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak. Klagen har ikkje ført fram.

Syner til kommunen sin oversending av 14.06.18.

11.04.18 har Herøy kommune, under delegert sak nr. 12/18, fatta vedtak om å tildele Yong Hong Restaurant Dao Fu to prikkar for manglande innlevering av omsetningsoppgåve for alkohol innan fristen.

Vedtaket er klaga på av Yong Hong Restaurant Dao Fu ved brev av 25.04.18. Som grunnlag for klagen er det i det vesentlegaste hevda at kommunen sitt informasjonsbrev av 06.02.18 om innrapportering av alkoholomsetning ikkje vart mottatt. Regnskapsfører var slik ikkje kjent med fristen for å sende inn omsetningsoppgåve for alkohol.

Herøy formannskap handsama klagen i møte den 12.06.18. Under F-sak nr. 119/18 er delegert vedtak i sak nr. 12/18 opprettheldt. I samsvar med alkohollova (al.) § 1-16 er saka etter dette oversendt fylkesmannen som klageinstans.

### **Fylkesmannens merknadar:**

Fylkesmannen kan prøve om vedtaket er innholdsmessig lovleg, om vedtaket er treft av rette organ og om det er blitt til på lovleg måte.

### **Avgjerdsmyndigheit**

Av alkoholforskrifta § 10-5, andre ledd går det fram at kommunestyret fattar enkeltvedtak om tildeling av prikkar. Kommunestyret har likevel ein delegasjonsåtgang etter kommunelova § 10 som gir kommunestyret moglegheit til å gi eit utval kompetanse til å fatte vedtak i enkeltsaker. I K-sak 24/16 har kommunestyret i Herøy delegert saker etter alkohollova til formannskapet.

Etter dette finn fylkesmannen at vedtak om tildeling av prikkar er treft av rette organ.

### **Sakshandsaming**

Av alkoholforskrifta § 10-5 følgjer det at kommunen skal sende ut førehandsvarsel der det føreligg grunnlag for prikktildeling.

I denne saken vart Yong Hong Restaurant Dao Fu ved brev av 06.02.18 orientert om at frist

for innlevering av omsetningsoppgåve var 01.03.18. Slik omsetningsoppgåve vart ikkje levert innan fristen. Ved brev av 14.03.18 fekk Young Hong Restaurant varsel om tildeling av prikkar med frist for tilbakemelding 23.03.18. Det kom ingen merknad til varselet. Av kommunen sitt vedtak om prikktildeling er det informert om klagerett, samtidig som det er orientert om moglege konsekvensar ved ytterlegare prikktildelingar.

At det skal tildelast prikkar ved brot på frist for innlevering av omsetningsoppgåve er forskriftsbestemt med heimel i alkohollova. Kommunen kan slik ikkje utøve skjønn. Av forskrifta § 10-4 går det fram at kommunen kan tildele færre prikkar dersom det føreligg heilt spesielle og svært formildande omstende. Det er ikkje heimel til heilt å unnlata å tildele prikkar.

Etter dette finn fylkesmannen at sakshandsamingsreglane er blitt fylgt under saksbehandlinga og at vedtaket baserer seg på riktige faktiske premisser. Vedtak om tildeling av prikkar er slik blitt til på lovleg måte.

#### Vedtaketts innhald

Av alkoholforskrifta § 10-3, tredje ledd, jf. § 10-2 følgjer det at kommunen «skal» tildele bevillingshavar to prikkar ved manglande levering av omsetningsoppgåve innan gjeldande frist satt av kommunen. Det er ikkje omtvista at Yong Hong Restaurant Dao Fu leverte inn omsetningsoppgåve 16.03.18, 16 dagar etter fristens utløp. Dette er i følgjer forskrifta § 10-3 eit brot og skal ifølgje § 10-2 føre til tildeling av to prikkar. Sjølv om Yong Hong Restaurant Dao Fu hevdar at dei ikkje fekk kommunen sitt brev med orientering om leveringsfrist, og omsetningsoppgåve vart levert når regnskapsfører vart kjent med fristen, endrar ikkje dette det faktum at kommunen sin frist var gått ut. Yong Hong Restaurant Dao Fu er sjølv ansvarleg for å gjere seg kjent med kommunen sine fristar for innlevering av omsetningsoppgåve, samt å vere registrert med riktig adresse. Klagen kan slik ikkje føre fram på dette punkt.

Etter dette finn fylkesmannen at vedtak om tildeling av prikkar er innhaldsmessig lovleg.

#### **Fylkesmannens vedtak:**

Med heimel i alkohollova § 1-16, jf. forvaltningslova § 32, finn fylkesmannen å stadfeste Herøy kommune sitt vedtak i sak 12/18. Klagen har ikkje ført fram. Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på vidare, jf. forvaltningslova § 28. Parten er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)  
direktør

Marina Opstad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

YONG HONG RESTAURANT Dao Fu Sentrumsgården 6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 17.09.2018  
Vår ref.: 201834592-6  
Arkiv: 611  
Deres dato:  
Deres ref.:

Saksbehandler:  
Katrine Stenshorne Odenmarck  
22959327/kast@nve.no

## Ny 66 (132) kV kraftledning fra Djupvik og Sandvikskaret. Høring av konsesjonssøknad.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har mottatt konsesjonssøknad fra Mørenett AS om bygging av en ny ca. 5,1 km lang 66 kV kraftledning mellom Djupvik og Sandvikskaret. Anlegget ligger i Herøy kommune i Møre og Romsdal fylke.

### Søknaden

Bakgrunnen for omsøkte tiltak er behovet for å forsterke forsyningen til ytre søre Sunnmøre med Fosnavåg og Gursken som sentrale forsyningsområder. Begge disse to områdene har i dag kun ensidig forsyning og Mørenett ønsker å etablere en tosidig forsyning for å øke forsynings sikkerheten. Omsøkte tiltak vil sikre dette, samtidig som det vil legge til rette for en fremtidig overgang til 132 kV spenning i regionalnettet. Total lengde på ny kraftledning er ca. 5,1 km, og kraftledningen vil bygges parallelt med eksisterende kraftledninger i området.

Mørenett AS søker om konsesjon i medhold av energiloven.

Mørenett AS søker også om ekspropriasjonstillatelse (oreigningsloven av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for nødvendig grunn og rettigheter for å bygge og drive de elektriske anleggene, herunder rettigheter for all nødvendig ferdsel/transport. Samtidig søkes det om forhåndstiltredelse (oreigningslova § 25) som innebærer at grunn og adkomstrettigheter kan tas i bruk før skjønn er avholdt.

Gjennom høring av konsesjonssøknaden ønsker vi å motta synspunkter på planene og forslag til tiltak som kan redusere negative virkninger.

Søknaden er tilgjengelig på NVEs internettsider [www.nve.no/kraftledninger](http://www.nve.no/kraftledninger).

Skjema for uttalelser finnes på våre internettsider. Uttalelser kan også sendes som e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Uttalelser må sendes NVE **innen 29. oktober 2018**.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR





### Informasjon til kommunen

Vi ber kommunen om å legge ut informasjon om søknaden ut på sine internettsider og ev. facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeninger, idrettslag, interesseorganisasjoner m.fl. om søknaden.

Med hilsen

Siv Sannem Inderberg  
seksjonssjef

Katrine Stenshorne Odenmarck  
førstekonsulent

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Mottakerliste:

DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB) REGION MIDT-NORGE

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Kopi til:

MØRENETT AS  
MØRENETT AS v/Stig Julius Haugen

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]  
Sendt: 17.09.2018 12:55:29  
Til: Lisbeth Moltu Espeseth  
Tittel: Høring av konsesjonssøknad - høgspenlinje Djupvik-Sandvikskaret

---

**Fra:** nve@nve.no <nve@nve.no>  
**Sendt:** 17. september 2018 09:21  
**Til:** Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>  
**Emne:** Høring av konsesjonssøknad - Kommune, fylkeskommune, fylkesmann, mfl.. NVEs referanse: 201834592-6

Til Herøy kommune (Møre og Romsdal)


Vedlagt følger dokument **201834592-6 Høring av konsesjonssøknad - Kommune, fylkeskommune, fylkesmann, mfl.** fra **NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat.**

SUN



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Rådhusgata 5  
6090 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg. nr.	Saksbeh.
12 OKT. 2018	
Innkode P	
Innkode S	
Jnr	Dok nr
Kassasjøn	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		111343/2018	Geir Olsen, 71 28 02 66	08.10.2018

## Søknad om ruteløyve for flybuss på strekninga Ålesund Lufthavn Vigra og Ålesund - fråsegn

Frå Ålesund Turvogn Service AS har vi motteke søknad om å få drive persontransport med motorvogn i rute (flybuss) mellom Ålesund Lufthavn Vigra og Moa/Ålesund, samt mellom hurtigbåtkaia på Valderøya og flyplassen.

Søknaden om ruteløyve følgjer vedlagt dette brevet.

Det er samferdselsutvalet i Møre og Romsdal som er løyvestyresmakt for rutegående transport innan fylket. Vi tek sikte på å handsame søknaden i samferdselsutvalet sitt møte 5. desember i år.

Vi ber om Dykkar eventuelle fråsegn til søknaden innan 5. november 2018.

Med helsing

Jesper Wiig  
fung. seksjonsleiar

Geir Olsen  
rådgivar

Kopi:  
Ålesund Turvogn Service AS Postvegen 151 6040 VIGRA

# Ålesund Turvogn Service AS

Postvegen 151  
6040 Vigra

Samferdselsavdelingen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset

6404 MOLDE

Ålesund den 26.09.2018

## Søknad om konsesjon ihht. § 25, jf. § 13, i yrkestransportlova

Ålesund Turvogn Service AS innehar per i dag fem turvognløyver, samt løyve for transport av hotellgjester mellom hotell i Ålesund og Ålesund Lufthavn, Vigra. I gjennomsnitt har vi for tiden i underkant av 30 daglige turer til/frå flyplassen med buss og minibuss.

Vi vil med dette søke om konsesjon for kommersiell drift av "Flybuss" mellom Moa, Ålesund og Ålesund lufthavn – Vigra samt mellom hurtigbåtkai Valderøy og flyplassen.

Etter vår mening har vi ett bedre grunnlag for ruteoppfølging/endringer enn hva dagens ordning er basert på.

Overstående baseres på vår kunnskap om flybevegelser, og evne til å snu rundt en operasjon i løpet av meget kort tid.

Det er heller ikke negativt at vi allerede mottar oversikt over flybevegelser for kommende måned fra alle flyselskaper allerede.

Ved å tildele oss konsesjon på søkt rute, vil det gi oppdragsgiver mulighet for å konsentrere seg om lokalruter av mer forutsigbar art. Dette basert på den arbeidsmengde det er å følge med flytider og de endringer som kreves i operasjonen.

I tillegg antas det at dagens trafikk tall på Flybussen ikke gir noe økonomisk gevinst for fylket.

Med en kommersiell aktør på ruten, vil fylket kunne bruke merkostnadene på denne ruten til andre formål for fylkets innbyggere.

Videre vil det etter vår mening gi en økt miljøgevinst i tillegg til den økte motivasjon en kommersiell aktør vil ha for å få opp antall passasjerer i denne ruten. Dette skal en klare med service og pålitelighet.

Det skal søkes at buss skal stå klar for mottak av passasjerer, uansett når enn landing måtte forekomme. Alt annet vil skape misnøye både blant flybussens kunder og selskapene som håndterer passasjerene ved lufthavnen.

Vi vil kjøre til alle rutefly, samt charteravganger.

Samferdselsavdelingen fastslår at de gjennom kollektivtransporten søker å gi innbyggerne i fylket et godt tilbud. De reisendes tilbud kan ikke å anses som godt nok per i dag slik vi ser det, og fra de tilbakemeldingene vi får.

Dette ønsker vi å gjøre noe med.

# Ålesund Turvogn Service AS

Postvegen 151  
6040 Vigra

## **Kjøreplan:**

Kjøreplan vil være mye likt dagens program.

Dog vil det være noe endring på bakgrunn av at materiell utelukende skal benyttes på gjeldende ruter.

Ruteplan vil bli ettersendt ved tildeling av løyve.

Angang fra flyplassen skal være ved ankomst, når passasjerene har fått sin bagasje.

Angangstider settes i henhold til alle rutetider og vil endres fortløpende etter de.

De vil søkes kunngjort både på frammr.no og flybussen.no

Hotellene i Ålesund kommune vil bli innlemmet i flybussens rute.

Dette på bakgrunn av løyve vi har fra tidligere.

Vi mener dette ikke vil gi nevneverdig utslag på tidsplan, da en i hovedsak vil benytte 2 kjøretøy til/fra alle fly.

## **Forslag til takstregulativ:**

Inntil videre vil en videreføre dagens takstsystem.

Dog med noe mindre endringer.

Ikke minst for å oppnå passasjervekst.

## **Krav ihht. § 6 i yrkestransportlova:**

Ålesund Turvogn Service AS innhar i dag turvognløyver ihht. nevnte lov.

Dokumentasjon vil bli fremlagt etter Samferdselsavdelingens ønske.

Antall løyver vil reguleres etter behov.

## **Materiell**

Ålesund Turvogn Service AS ønsker å benytte forskjellig størrelse på busser til tilbudet etter behov.

Utgangspunktet er busser med om lag 50 sitteplasser og plass til bagasje.

Man ser foreløpig ett behov for 6 – 8 busser.

En arbeider per nå med at dette skal være nye kjøretøy, egnet for denne bruk.

Transport av rullestoler vil foregå med egne kjøretøy egnet for formålet.

Prisene vil være samme som resterende takstregulativ, men tilbudet antas godt mottatt ettersom en vil hente/levere ved oppgitt adresse for samme pris.

Dette er en påstand vi fremsetter etter en erfaringsmessig ser at multifunksjonelle busser fort ikke fungerer som de skal, og sjåførene har store gjennomføringsproblemer i det daglige.

Ikke minst fordi dette er tidkrevende.

## **Målgruppe**

Tilbudet skal tilpasses flyruter til/fra Ålesund lufthavn, Vigra og er for alle flypassasjerer.

En vil søke økning i andel flypassasjerer som benytter flybussen fremfor egen transport gjennom service og kvalitet.

# Ålesund Turvogn Service AS

Postvegen 151  
6040 Vigra

## Oppstart

Vi ønsker oppstart ny drift av flybussen i Ålesund fra og med 01.04.2019

## Ytterligere opplysninger

Ved ønske om ytterligere opplysninger, står undertegnede til Deres disposisjon.

Med hilsen



Arild Røder  
Styrets leder

Vedlegg: 5